# Reglement for folkevalde organ og delegering

Juni 2021

Vestland fylkeskommune

# Innhald

**Generelt om reglement for folkevalde organ og delegering ... 7**
Innleiing ... 7
Generelt om delegering ... 7

**Reglement for fylkestinget ... 9**
1. Samansetjing ... 9
2. Oppgåver ... 9
3. Saksbehandling ... 11

**Reglement for fylkesutvalet ... 13**
1. Samansetjing ... 13
2. Oppgåver ... 14
3. Avgjerd i hastesaker ... 16
4. Mynde til fylkesordføraren ... 16
5. Reglar for saksbehandling ... 16
6. Fråsegn ... 16
7. Høyringsuttale ... 16

**Reglement for finansutvalet ... 17**
1. Samansetjing ... 17
2. Oppgåver ... 17
3. Saksbehandling ... 17
4. Arbeidsform ... 17

**Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering ... 18**
1. Utval. Samansetjing ... 18
2. Oppgåver ... 18
3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde ... 19
4. Saker der utvalet gjev tilråding ... 19
5. Arbeidsform ... 19
6. Saksbehandling ... 20
7. Fråsegner ... 20

**Reglement for hovudutval for næring ... 21**
1. Utval. Samansetjing ... 21
2. Oppgåver ... 21
3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde ... 22
4. Saker der utvalet gjev tilråding ... 22
5. Arbeidsform ... 22
6. Saksbehandling ... 23
7. Fråsegner ... 23

**Reglement for hovudutval for opplæring og kompetanse .......... 24**
1. Utval. Samansetjing .......... 24
2. Oppgåver .......... 24
3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde .......... 25
4. Saker der utvalet gjev tilråding .......... 25
5. Arbeidsform .......... 25
6. Saksbehandling .......... 26
7. Fråsegner .......... 26

**Reglement for hovudutval for samferdsel og mobilitet .......... 27**
1. Utval. Samansetjing .......... 27
2. Oppgåver .......... 27
3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde .......... 28
4. Saker der utvalet gjev tilråding .......... 28
5. Arbeidsform .......... 28
6. Saksbehandling .......... 29
7. Fråsegner .......... 29

**Reglement for administrasjonsutvalet .......... 30**
1. Samansetjing .......... 30
2. Oppgåver .......... 30

**Reglement for valnemnda .......... 32**
1. Samansetjing .......... 32
2. Oppgåver .......... 32
3. Saksbehandling .......... 32
4. Arbeidsform .......... 33

**Reglement for fylkesvalstyret .......... 34**
1. Samansetjing .......... 34
2. Oppgåver .......... 34
3. Saksbehandling .......... 34

**Reglement for klagenemnda .......... 35**
1. Samansetjing .......... 35
2. Oppgåver .......... 35
3. Saksførebuing .......... 35
4. Saksbehandling .......... 35
5. Klagenemnda sin kompetanse, grunngjeving og rett til omgjering .......... 36

**Reglement for trafikktryggingsutvalet .......... 37**
1. Samansetjing .......... 37
2. Oppgåver .......... 37
3. Arbeidsform .......... 38
4. Saksbehandling .......... 38

**Reglement for yrkesopplæringsnemnda ... 39**
1. Samansetjing ... 39
2. Oppgåver ... 40
3. Arbeidsform ... 41
4. Saksbehandling ... 41

**Reglement for medverknadsorgana ... 42**
1. Samansetjing ... 42
2. Oppgåver ... 43
3. Arbeidsform ... 44
4. Saksbehandling ... 44

**Oversikt innstillingsrett folkevalde organ ... 45**

**Oversikt uttalerett folkevalde organ ... 46**

**Reglement for saksbehandling ... 47**
1. Målform ... 47
2. Inhabilitet ... 47
3. Teieplikt ... 48
4. Tolking av reglement ... 48
5. Møteprinsippet ... 48
6. Møteoffentlighet, lukking av møte og fjernmøte ... 48
7. Utvida innsynsrett for folkevalde organ ... 49
8. Møtebok ... 50
9. Fylkeskommunedirektøren si saksførebuing og rolle i møtet. Sekretariat. ... 50
10. Innkalling og sakliste ... 51
11. Behandling av saker ... 51
12. Møteplikt, forfall og fritak av personlege årsaker ... 52
13. Vedtaksført organ og opning av møtet ... 52
14. Ordskifte. Taletid. Møteleiar si deltaking. ... 52
15. Forslagsrett ... 53
16. Røysting ... 53
17. Ny behandling av avgjort sak ... 54
18. Spørsmål ... 54
19. Deputasjonar ... 55
20. Orienteringar ... 55
21. Partsinteresse ... 55
22. Lovlegkontroll ... 55

**Reglement for økonomiforvaltninga ... 56**
Innleiing ... 56
1.Fylkestinget ... 56
2. Fylkesutvalet ... 57
3. Hovudutvala ... 57
4. Fylkeskommunedirektøren ... 57

5. Budsjettoppfølgjing ... 58
6. Disponeringsfullmakt ... 58
7. Årsavslutting ... 58

**Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga ... 60**
1. Finansreglementet sitt virkeområde ... 60
2. Heimel og gyldigheit ... 60
3. Forvaltning og forvaltningstypar ... 61
4. Føremålet med fylkeskommunen sin finans- og gjeldsforvaltning ... 61
5. Generelle rammer og avgrensingar ... 61
6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål ... 62
7. Forvaltning av fylkeskommunen sin låneportefølje og andre finansieringsavtaler ... 65
8. Forvaltning av fylkeskommunen sine langsiktige finansielle aktiva ... 67
9. Etiske retningslinjer ... 68
10. Konstatering av avvik, vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko ... 68
Vedlegg ... 69

**Reglement for delegering til fylkeskommunedirektøren ... 71**
1. Økonomi ... 71
2. Personalforvaltning ... 72
3. Delegering på vegsektoren og utbygging av bybanen ... 73
4. Gjeremål fastsett i særlov ... 74
5. Utanrettslege pengekrav ... 74
6. Mynde til å skrive under avtalar/kontraktar ... 74
7. Mynde som underinstans ... 74
8. Mynde til å handtere ein krisesituasjon ... 75
9. Bruk av delegert mynde ... 75

**Delegering etter særlov ... 76**
1. Lov om taubaner og løypestrenger av 14.6.1912 nr. 1. ... 76
2. Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 01.06.1917 nr. 1 ... 76
3. Lov om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m.v. (industrikonsesjonsloven) av 14.12.1917 nr. 16 ... 76
4. Lov om vassdragsreguleringer av 14.12.1917 nr. 17 ... 76
5. Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr av 24.05.1929 nr. 4 med forskrifter ... 77
6. Lov om tinglysing av 07.06.1935 nr. 2 ... 77
7. Lov om friluftslivet av 28.06.1957 nr. 16 ... 77
8. Lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959 nr. 3 ... 77
9. Lov om rettshøve mellom grannar av 16.06.1961 nr. 15 og lov om grannegjerde av 05.05.1961. ... 77
10. Lov om mineralvirksomhet på kontinentalsokkelen (havbunnsmineralloven) av 22.03.2019 nr. 7 ... 78
11. Veglov av 21.06.1963 nr. 23 ... 78
12. Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven) av 18.06.1965 nr. 4 ... 82
13. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.06.1977 nr. 82 ... 82
14. Lov om kulturminne av 09.06.1978 nr. 50 ... 83
15. Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) av 13.03.1981 nr. 6 ... 86
16. Lov om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosessloven) av 22.05.1981 nr. 25 ... 86

17. Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) av 29.05.1981 nr. 38 ... 87
18. Lov om tannhelsetjenesten av 03.06.1983 nr. 54 ... 87
19. Lov om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven) av 08.06.1984 nr. 58 ... 87
20. Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108 ... 87
21. Lov om stadnamn av 18.05.1990 nr. 11 ... 88
22. Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) av 29.06.1990 nr. 50. ... 88
23. Lov om laksefiske og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr. 47. ... 88
24. Lov om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) av 26.06.1992 nr. 86. ... 88
25. Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m. (jernbaneloven) av 11.06.1993 nr. 100 ... 89
26. Lov om opplæring av 17.07.1998 nr. 61 ... 89
27. Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova) av 24.11.2000 nr. 82 ... 96
28. Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) av 15.06.2001 nr. 70 ... 97
29. Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvern) av 14.06.2002 nr. 20 med forskrifter ... 97
30. Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr. 45 ... 97
31. Lov om folkehøyskoler (folkehøyskoleloven) av 06.12.2002 nr. 72 ... 99
32. Lov om elektronisk kommunikasjon (ekomloven) av 04.07.2003 nr. 83 med forskrifter. ... 99
33. Lov om frittståande skolar (friskolelova) av 04.07.2003 nr. 84. ... 99
34. Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) av 17.06.2005 nr. 62 ... 100
35. Lov om akvakultur (akvakulturloven) av 17.06.2005 nr. 79 ... 100
36. Lov om mekling og rettargang i sivile saker (tvisteloven) av 17.06. 2005 nr.90. ... 101
37. Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17.06.2005 nr. 101 ... 101
38. Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven) av 15.05.2008 nr. 35 ... 101
39. Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) av 06.06.2008 nr. 37 ... 101
40. Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova) av 29.06.2007 nr. 89 ... 102
41. Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr. 71 ... 102
42. Lov om voksenopplæring (voksenopplæringsloven) av 19.06.2009 nr. 95 ... 106
43. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) av 19.06.2009 nr. 100. ... 106
44. Lov om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven) av 19.06.2009 nr. 101 ... 107
45. Folkehelselova av 24.06.2011 nr. 29 ... 107
46. Jordskiftelova av 21.06.2013 nr. 100 ... 107
47. Lov om konfliktrådsbehandling (konfliktrådsloven) ---20.06.2014 nr.49 ... 107
48. Lov om høgare yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven) av 08.06.2018 nr.28 ... 108
49. Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven) av 06.11.2020 nr. 127 ... 108

# Generelt om reglement for folkevalde organ og delegering

## Innleiing

### Føremål og heimel

Fylkestinget vedtek reglement for folkevalde organ, reglement for delegering og innstilling, reglement for saksbehandling, reglement for økonomiforvaltninga og reglement for finans- og gjeldsforvaltninga, jf. kommunelova §§ 5-13, 5-14, 11-12 og 14-2 bokstav d og e.

I Vestland fylkeskommune er alle desse reglementa samla i dokumentet reglement for folkevalde organ og delegering. Dette er Vestland fylkeskommune sitt interne regelverk, og som mellom anna skildrar kva organ som har mynde til å fatte avgjerd på vegner av fylkeskommunen.

Delegering vil seie overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Det rettslege innhaldet av eit delegeringsvedtak er at den ein delegerer til, kan treffe avgjerder innan vedtaket sine rammer på vegne av det delegerande organet. Delegering av mynde inneber ikkje at det delegerande organet gir frå seg ansvaret på vedkommande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta tilbake mynde som er delegert.

### Gjennomgang av reglementet

Delegeringsreglementet vert gjennomgått minst ein gong i kvar valperiode innan 31. desember året etter at fylkestinget vart konstituert, jf. kommunelova § 5-14. I mellomåra vert reglementet revidert etter behov.

## Generelt om delegering

### Retningsliner for bruk av delegert mynde

All delegert mynde skal nyttast i samsvar med reglar om saksbehandling som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk, og må liggje innanfor planar og budsjettrammer som er vedtekne av fylkestinget eller anna fylkeskommunalt organ.

Fylkeskommunedirektøren kan ikkje treffe vedtak i saker som har prinsipiell betydning, jf. kommunelova § 13-1 (6).

## Å trekkja attende delegert mynde

Det delegerande organet kan når som helst trekkja attende delegert mynde.
Når situasjonen tilseier det, kan eit overordna organ før vedtak er gjort, krevje saka lagt fram for seg til avgjerd, sjølv om saka skulle ha vore avgjort av underordna organ ifølgje delegert mynde.

## Rett til å gjera om vedtak

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjera om eit vedtak treft av eit underordna organ i samsvar med reglane i forvaltningslova § 35.

## Rett til å behandle klage som underinstans

Den som har fatta vedtak er underinstans i samband med behandling av klage. Underinstansen er det organet som har fatta det vedtaket som er klaga på, og som skal vurdere klagen før saka eventuelt vert sendt til klageinstansen, jf. forvaltningslova § 33.

## Rett til å la vere å nytta delegert mynde

Den som har fått delegert mynde, kan i særlege høve la overordna organ ta avgjerd i ei konkret sak.

## Vidaredelegering

Der fylkestinget har lagt mynde til eit folkevald organ, kan ikkje dette mynde vidaredelegerast til andre folkevalde organ. Unntak gjeld der eit utval har oppretta eit arbeidsutval, jf. kommunelova § 5-7 tredje og fjerde ledd.

## Kontroll

Gjennom kontrollutvalet fører fylkestinget det øvste tilsyn med at delegert mynde vert utøvd i samsvar med reglar og intensjonar for delegering.

# Reglement for fylkestinget

Fylkestinget er etter kommunelova § 5-3 det øvste organet i fylkeskommunen.

Fylkestinget skal ta seg av alle oppgåvene som fylkeskommunen har ansvaret for. Som øvste organ gjer fylkestinget vedtak på vegner av fylkeskommunen så langt ikkje anna følgjer av lov, forskrift eller delegeringsvedtak.

Fylkestinget har ansvar for å fastsetje overordna mål og langsiktige retningslinjer for utviklinga i fylket. Organet har og ansvaret for den fylkeskommunale tenesteproduksjonen.

Fylkestinget har det overordna tilsynet med og ansvaret for at den fylkeskommunale verksemda er effektiv og tenleg for innbyggjarane i fylket.

Fylkestinget skal vurdere om dei fastsette måla er innfridde.

## 1. Samansetjing

Fylkestinget har 65 medlemer med varamedlemer, valde i samsvar med Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyrer (vallova).

Fylkestinget er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

## 2. Oppgåver

Fylkestinget tek avgjerd i alle saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegeringsvedtak er lagt til anna organ.

Fylkestinget gjer mellom anna vedtak i saker om:

**2.1 Overordna planlegging og regional utvikling**

**2.1.1 Regional planlegging, plan- og bygningslova §§ 7-1 og 8-1**

- vedtek regional planstrategi, regionale planar, temaplanar og sektoroverskridande strategiar
- vedtek handlingsprogram for regionale planar

### 2.1.2 Fylkeskommunal planlegging av eiga verksemd (tenesteproduksjon)

- fastset mål og strategiar for eiga verksemd
- utarbeidar og vedtek handlingsplan/langtidsplan/retningslinjer

### 2.1.3 Økonomisk planlegging og budsjettering

- økonomiplan og årsbudsjett, jf. kommunelova §14-2
- sjå Reglement for økonomiforvaltning punkt 1

### 2.1.4 Resultatvurdering

- årsrekneskap, jf. kommunelova § 14-6
- årsmelding, jf. kommunelova § 14-7

## 2.2 Organisering og retningsliner

2.2.1 Fastsetjing av medlemstal i fylkestinget, jf. kommunelova § 5-5
2.2.2 Oppretting/omorganisering/nedlegging av faste politiske utval, jf. kommunelova § 5-7
2.2.3 Oppretting og nedlegging av styre, jf. kommunelova § 5-10
2.2.4 Innføring og oppheving av parlamentarisme, jf. kommunelova § 10-1
2.2.5 Overføring av tariffavtalemynde, jf. kommunelova § 5-15
2.2.6 Overføring av oppgåver og mynde til vertskommune, jf. kommunelova § 20-1
2.2.7 Vurdering av forslag frå innbyggjarane, jf. kommunelova § 12-1
2.2.8 Vedtak om rådgjevande lokale folkerøystingar, jf. kommunelova § 12-2
2.2.9 Reglement for folkevalde organ, jf. kommunelova § 5-13
2.2.10 Reglement for delegering og innstilling, jf. kommunelova § 5-14
2.2.11 Reglement for saksbehandling, jf. kommunelova § 11-12
2.2.12 Reglement for godtgjersle til folkevalde, jf. kommunelova §§ 8-3 og 8-4
2.2.13 Pensjonsordning for folkevalde, jf. kommunelova § 8-7

## 2.3 Tilsetjing

2.3.1 Tilsetjing av fylkesrådmann, jf. kommunelova § 13-1 og val av revisor, jf. kommunelova § 24-1
2.3.2 Om tilsetjing i leiande stillingar skal skje på åremål, jf. kommunelova § 13-2

## 2.4 Val

2.4.1 Val av medlemer og varamedlemer til fylkesutvalet, jf. kommunelova § 5-6.2.4.2 Val av fylkesordførar og fylkesvaraordførar mellom fylkesutvalet sine medlemer, jf. kommunelova § 6-2.
2.4.3 Val og suppleringsval av medlemer og varamedlemer til utvala, administrasjonsutvalet, kontrollutvalet, klagenemnda og fylkesvalstyret, jf. kommunelova §§ 5-7, 5-11 og 23-1, forvaltningslova § 28 og vallova § 4-3.
2.4.4 Val av leiar og nestleiar mellom organa sine medlemer, jf. kommunelova § 5-7.

2.4.5 Val og suppleringsval til særlovsorgan og andre organ oppretta av fylkestinget, der oppnemninga er lagt til fylkestinget.
2.4.6 Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jf. likevel reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.5.
2.4.7 Fylkestinget vel i det konstituerande møtet ei valnemnd for heile valbolken.

# 3. Saksbehandling

For fylkestinget gjeld Reglement for saksbehandling med dei særskilde reglane i reglementet her punkt 3.1-3.6.

**3.1 Opningstalar**
Etter fylkesordføraren og fylkeskommunedirektøren sine opningstalar er det høve til ordskifte om ikkje fylkestinget vedtek noko anna. Taletida for kvart innlegg bør vera avgrensa til 3 minuttar og samla tid for ordskiftet til 90 minuttar.

**3.2 Interpellasjonar og andre skriftlege spørsmål**
Interpellasjonar er prinsipielle og/eller grunngjevne spørsmål som spørjaren ønskjer debatt om. Interpellasjonar må meldast skriftleg til fylkesordføraren seinast innan kl. 9 fire yrkedagar (laurdag ikkje medrekna) før tingsamlinga tek til. Sjå nærare prosedyre i Folkevalde i Vestland - rettar og plikter.

Ved behandling av interpellasjonar kan spørjaren og fylkesordføraren eller den han peikar ut til å gi svar, få ordet to gonger. Interpellanten kan ha ordet andre gongen, anten etter at han har fått svaret eller til sist under debatten. Elles skal ingen ha ordet meir enn ein gong. Taletida er avgrensa til 5 minuttar for første innlegg frå spørjaren og den som svarar på interpellasjonen. Elles er taletida avgrensa til 3 minuttar. Maksimal tidsbruk pr. interpellasjon er 20 minuttar.

Andre skriftlege spørsmål må meldast til fylkesordføraren seinast kl. 9 dagen før tinget tek til. Sjå nærare prosedyre i Folkevalde i Vestland - rettar og plikter. Spørjaren og den som svarar kan ha innlegg på 2 minuttar. Det er høve til oppfølgingsspørsmål og svar på 1 minutt. Elles er det ikkje høve til ordskifte.

Innkomne interpellasjonar og andre skriftlege spørsmål vert refererte ved opninga av fylkestinget. Desse skal behandlast ved slutten av tingsete, før fråsegn.

Interpellasjonar og andre skriftlege spørsmål vert behandla i den rekkjefølgja dei kjem inn. Spørjaren må i oversendinga gjere det klart om det er ein interpellasjon eller eit spørsmål.

For interpellasjonar der det vert fremma forslag til vedtak, gjeld Reglement for saksbehandling punkt 11 tredje og fjerde avsnitt.

Maksimal tid for behandlinga av interpellasjonar og andre spørsmål er 2 timar. Dersom eit spørsmål ikkje er svara på innan dette tidsrommet, må spørjaren stadfesta overfor fylkesordføraren at det er ønskjeleg med svar i neste tingsamling. Vert slik stadfesting ikkje gjeve, reknar ein spørsmålet som trekt.

**3.3 Fråsegner**

Dersom fylkestinget ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema, kan fylkestinget vedta ei fråsegn om saka.

Framlegg om fråsegn vert varsla ved godkjenning av saklista. Møteleiar eller 1/3 av medlemene i organet kan då sete seg i mot at saka vert sett på saklista, jf. kommunelova § 11-3 (5). Dersom fråsegn vert sett på saklista, vert dei behandla til sist i tingsete.

**3.4 Taletid**

Ordinær taletid for innlegg i fylkestinget er sett til 3 minuttar. Det er høve til 3 replikkar til kvart innlegg på 1 minutt, samt svarreplikk på totalt 1 minutt.

Fylkesordføraren kan fastsetje ei anna ordning for taletid dersom ikkje fylkestinget set seg imot. Dette må takast opp før ordskiftet tek til.

**3.5 Fjernmøte og hastefjernmøte**

Fylkestinget har ikkje høve til å ha fjernmøte. Fylkestinget kan likevel halde hastefjernmøte etter nærare reglar i kommunelova § 11-8.

**3.6 Klage**

For enkeltvedtak gjort av fylkestinget er departementet klageinstans, jf. forvaltningslova § 28.

# Reglement for fylkesutvalet

Fylkesutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-6. Fylkesutvalet har samordningsansvaret for planlegging og økonomiforvaltning innan fylkeskommunen sitt ansvarsområde, og ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett.

Fylkesutvalet har eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag– og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.

Fylkesutvalet skal ivareta samfunnsutviklarrolla ved mellom anna å sjå følgjande oppgåver i eit regionalt heilskapsperspektiv:

Klima, miljø og berekraft.

- Internasjonalt arbeid.
- Folkehelse.
- Eigarskap.
- Regional planstrategi og regionale planar.
- Kommunale og statlege planar.
- Tannhelse.

**Fylkesutvalet si prosessrolle i planarbeid**

Fylkesutvalet skal leggje strategiske føringar og gje politiske styringssignal i utarbeiding av regional plan, temaplan og strategi.

Oppgåver

• Skape politisk forankring og sikre at heilskapsomsynet vert ivareteke gjennom regionale planar.

• Gje retningsgjevande og strategiske føringar til planarbeidet.

Arbeidsform

Fylkeskommunedirektøren legg fram arbeidsdokument for fylkesutvalet etter ein fastsett plan. Fylkesutvalet gir strategisk retning for pågåande planprosessar. Hovudutvala skal involverast i planprosessen, og omfanget vert avklara i den einskilde plan.

## 1. Samansetjing

Fylkesutvalet har 17 medlemer med varamedlemer, valde i samsvar med kommunelova kap.7. Alle medlemene, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførarar, skal og vere medlem i eit

hovudutval.

Fylkesutvalet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

# 2. Oppgåver

2.1. Saker der utvalet tek avgjerd

Enkeltsaker som ikkje er lagt til andre organ på følgjande område:

**2.1.1. Økonomi**
Sjå Reglement for økonomiforvaltninga punkt 2.2.

**Bygg- og eigedomsforvaltning**

- sal og kjøp av eigedomar opp til eit beløp på 5 mill. kr
- sal og kjøp av aksjar innanfor ei ramme på 2 mill. kr. Salsutbytet vert å setja av til ubundne fond.
- Rammene gjeld for det enkelte kjøpet/salet.
- fastsetjing av satsar for utleige av fylkeskommunale skulebygg etter innstilling frå hovudutval for opplæring og kompetanse.
- inngå avtaler om leige og utleige av fast eigedom, som er av langsiktig (15 år eller meir) eller vesentleg (5 mill. i årleg leige) verdi.

**Utrangering, riving av bygning o.l.**

- utrangering av bygningar
- alternativ bruk/utleige av utrangerte bygg
- riving av bygg

**2.1.2. Personalforvaltning**

- godkjenning av tingingar/drøftingar for fylkeskommunedirektøren

**2.1.3. Gjeremål fastsett i særlov**
Sjå Reglement for delegering etter særlov.

**2.1.4. Utanrettslege pengekrav**
Betaling av pengekrav, inkludert erstatning, og ettergjeving av fylkeskommunale krav i enkeltsaker for beløp over kr 1 000 000,-.

### 2.1.5. Oppnemning til generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftingar o.l.

Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær.

Fylkesutvalet har mynde til å nemne opp representantar til valnemnder i selskap, utan innstilling frå valnemnda.

Fylkesutvalet har mynde til å nemne opp representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan vente til fylkestinget er samla.

### 2.1.6 Regional plan, temaplan og strategi

- Fylkesutvalet tek prosessavgjerder knytt til utarbeiding av regional plan, temaplan og strategi.

Regional plan

- Fylkesutvalet har mynde til å vedta oppstart av arbeid med regional plan som ikkje er fastsett i utviklingsplan
- Fylkesutvalet har mynde til å vedta høyring og offentleg ettersyn av framlegg til planprogram for regional plan
- Fylkesutvalet har mynde til å vedta planprogram for regional plan
- Fylkesutvalet har mynde til å vedta høyring og offentleg ettersyn av framlegg til regional plan med handlingsprogram
- Fylkesutvalet har mynde til å vedta oppstart av rullering av handlingsprogram for regional plan

Temaplan

- Fylkesutvalet har mynde til å vedta oppstart av arbeid med temaplan som ikkje er fastsett i utviklingsplan.
- Fylkesutvalet har mynde til å vedta oppstart av rullering av handlingsprogram for temaplan.

Strategi

- Fylkesutvalet har mynde til å vedta oppstart av arbeid med strategi som ikkje er fastsett i utviklingsplan.

### 2.1.7. Andre oppgåver

Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

## 2.2. Saker der utvalet gjev tilråding

Fylkesutvalet gjev innstilling i alle saker som fylkestinget skal avgjere, med unntak av saker der valnemnda innstiller, saker som gjeld lovlegkontroll og saker frå kontrollutvalet.

**2.3. Mynde som underinstans**
Fylkesutvalet er underinstans ved klage på vedtak gjort i medhald av delegering frå statleg organ når statleg organ er klageinstans.

# 3. Avgjerd i hastesaker

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore vedteke av fylkestinget, når det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle til dette, jf. kommunelova § 11-8.

# 4. Mynde til fylkesordføraren

I dei sommarvekene fylkesutvalet ikkje har møte, har fylkesordføraren mynde til å gjere vedtak på vegner av fylkesutvalet i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidde, jf. kommunelova § 6-1.

Melding om vedtak gjort etter slikt mynde vert å leggje fram for fylkesutvalet i det første møte etter ferien.

# 5. Reglar for saksbehandling

For fylkesutvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

# 6. Fråsegn

Dersom fylkesutvalet ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema, kan fylkesutvalet vedta ei fråsegn om dette på vegner av Vestland fylkeskommune.

# 7. Høyringsuttale

Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med unntak av dei sakene kor hovudutvala kan gi høyringsuttale (sjå punkt 3 i reglementa for hovudutvala).

# Reglement for finansutvalet

Finansutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Finansutvalet har det politiske ansvaret for budsjettprosessen. Finansutvalet utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

## 1. Samansetjing

Finansutvalet sine medlemer og varamedlemer er personsamanfallande med fylkesutvalet i Vestland. Fylkesordførar er leiar. Fylkesvaraordførar er nestleiar.

Finansutvalet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

## 2. Oppgåver

Har det politiske ansvar for budsjettprosessen gjennom heile året.

- Utarbeide framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

## 3. Saksbehandling

For finansutvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

## 4. Arbeidsform

Finansutvalet har det politiske ansvaret for budsjettprosessen. Finansutvalet utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

# Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering

Hovudutval for kultur, idrett og integrering er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Utvalet skal ha ansvar for saker knytt til kultur, idrett og integrering basert på dei regionale styringslinene som ligg føre.

## 1. Utval. Samansetjing

Hovudutval for kultur, idrett og integrering skal ha 15 medlemer.

Medlemer og varamedlemer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemene skal veljast mellom fylkestinget sine medlemer. Kravet gjeld ikkje ved val av varamedlem. Medlem i hovudutval som og sit i fylkesutvalet kan ikkje bli vald som leiar av utvalet.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

## 2. Oppgåver

Hovudutval for kultur, idrett og integrering skal innan sitt saksområde arbeide med:

- arkiv
- bibiliotek
- fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- inkludering og mangfald
- kulturarv og kulturminne
- kulturformidling
- kunst- og kulturutvikling
- anleggsutvikling og fordeling av spelemidlar til kulturbygg og anlegg for fysisk aktivitet
- profesjonelt kulturliv, frivillig sektor, born og unge
- andre relevante oppgåver innafor saksområdet og aktuelle kulturpolitiske spørsmål

Innanfor fylkeskommunen si eiga verksemd, og på grunnlag av regionalpolitiske prioriteringar, skal utvalet særskild arbeide med:

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan/årsbudsjett
- endring av budsjettrammer
- resultatvurdering

# 3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- sjå Reglement for økonomiforvaltninga punkt 3.2
- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde
- saker etter fullmakt fastsett i Reglement for delegering etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet
- tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- årleg rapport om gjennomføring av planar innan eige ansvarsområde
- innan sitt saksområde gje uttale om regionale interesser i kommunale planar som ikkje er heimla i plan- og bygningslova

# 4. Saker der utvalet gjev tilråding

- framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planer innanfor utvalet sitt arbeidsområde.
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå hovudutvala i samsvar med Reglement for delegering etter særlov
- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- ivareta fagansvaret og følgje opp planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde
- ansvaret for å ivareta regionale planar i kommunale arealplanar

# 5. Arbeidsform

I saker som gjeld fleire hovudutval sine ansvarsområde, skal sak leggjast fram for alle dei aktuelle hovudutvala. Hovudutvala gir innstilling til fylkesutvalet.

I utgreiingsfasen av ei sak kan utvalet leggje saker direkte fram for fylkestinget til drøfting for å få innspel.

I viktige saker innan politikkutforming kan utvala bruka opne høyringar som arbeidsform.

# 6. Saksbehandling

For utvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

# 7. Fråsegner

Dersom utvalet sjølv ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema innan sitt saksfelt, kan utvalet vedta ei fråsegn om dette.
Fråsegner på vegner av Vestland fylkeskommune vert å leggje fram for fylkesutvalet.

# Reglement for hovudutval for næring

Hovudutval for næring er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Utvalet skal ha eit overordna ansvar for berekraftig omstilling i næringslivet, grøn vekst og nyskaping i nærings- og arbeidsliv. Utvalet skal arbeide for skaping av arbeidsplassar og sysselsetting i heile Vestland fylke og for verdiskaping og sysselsetting både i byar, regionar og lokalsamfunn. Utvalet skal fremje utvikling av naturressursane, både i havet og på land, deriblant landbruk og reiseliv som drivarar i utvikling av sterke distrikt.

Utvalet skal vere ein pådrivar for innovasjon, entreprenørskap og næringsutvikling, ut frå kunnskap og forsking. Kunnskap, rett kompetanse og teknologiutvikling må sjåast i samanheng med behovet for utvikling av eksisterande næringsverksemder, samt trong for omstilling til nye næringsvegar.

## 1. Utval. Samansetjing

Hovudutval for næring skal ha 15 medlemer.

Medlemer og varamedlemer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemene skal veljast mellom fylkestinget sine medlemer. Kravet gjeld ikkje ved val av varamedlem. Medlem i hovudutval som og sit i fylkesutvalet kan ikkje bli vald som leiar av utvalet.

Hovudutval for næring er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

## 2. Oppgåver

**Hovudutval for næring skal innan sitt saksområde arbeide med:**

- næringsutvikling
- forsking og utvikling (FoU), inklusiv Regionalt Forskingsfond Vestland (RFV)
- nasjonale verkemidlar og program, som innovasjon Noreg, SIVA m.fl.
- søknader til EU-program knytt til innovasjon og næringsutvikling der VLFK er prosjektleiar, til dømes Erasmus, Interreg og Horisont Europa.
- rapportering frå internasjonale samarbeidsarenaer der VLFK er medlem, til dømes Conference of Peripheral and Maritime Regions (CPMR), Nordsjøkommisjon (NSC), European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning (EARLALL), Euromontana, Nordatlantisk samarbeid (NORA).
- omstilling i nærings- og arbeidsliv, medverke til grøn verdiskaping og grøn konkurransekraft
- fremje arbeidslivet sine behov for kompetanse og arbeidskraft
- andre relevante oppgåver innafor saksområdet

**Innanfor fylkeskommunen si eiga verksemd skal utvalet særskild arbeide med:**

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan/årsbudsjett
- endring av budsjettrammer
- resultatvurdering

# 3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- sjå Reglement for økonomiforvaltning punkt 3.2
- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som gjeld næringsføremål
- tilskotssaker vedkomande regional næringsutvikling
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar
- saker etter fullmakt fastsett i Reglement for delegering etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet
- tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- årleg rapport om gjennomføring planar innan eige ansvarsområde
- innan sitt saksområde gje uttale om regionale interesser i kommunale planar som ikkje er heimla i plan- og bygningslova

# 4. Saker der utvalet gjev tilråding

- framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planer innanfor utvalet sitt arbeidsområde.
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå hovudutvala i samsvar med Reglement for delegering etter særlov
- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- ivareta fagansvaret og følgje opp planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde

# 5. Arbeidsform

I saker som gjeld fleire hovudutval sine ansvarsområde, skal sak leggjast fram for alle dei aktuelle hovudutvala. Hovudutvala gir innstilling til fylkesutvalet.

I utgreiingsfasen av ei sak kan utvalet leggje saker direkte fram for fylkestinget til drøfting for å få innspel.

I viktige saker innan politikkutforming kan utvala bruka opne høyringar som arbeidsform.

# 6. Saksbehandling

For utvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

# 7. Fråsegner

Dersom utvalet sjølv ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema innan sitt saksfelt, kan utvalet vedta ei fråsegn om dette.

Fråsegner på vegner av Vestland fylkeskommune vert å leggje fram for fylkesutvalet.

# Reglement for hovudutval for opplæring og kompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Utvalet skal med grunnlag i opplæringslova med forskrifter sikre innbyggjarane i fylket kvalitet og tilgang til vidaregåande opplæring og fagskuleutdanning. Utvalet skal styrke den regionale kompetansepolitikken gjennom eit tettare samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings- og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for utdanning og kompetanseutvikling.

## 1. Utval. Samansetjing

Hovudutval for opplæring og kompetanse skal ha 15 medlemer.

Medlemer og varamedlemer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemene skal veljast mellom fylkestinget sine medlemer. Kravet gjeld ikkje ved val av varamedlem. Medlem i hovudutval som og sit i fylkesutvalet kan ikkje bli vald som leiar av utvalet.

Hovudutval for opplæring og kompetanse er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

## 2. Oppgåver

**Hovudutval for opplæring og kompetanse skal innan sitt saksområde arbeide med:**

- vidaregåande opplæring i skule
- vidaregåande opplæring i bedrift
- fagskulen
- vidaregåande opplæring for vaksne
- rettleiingstenester
- produksjonsskule
- Manger folkehøgskule
- kompetanseheving og kompetanseformidling i fylket
- regionale og heilskaplege nærings- og kompetansestrategiar
- regional og statleg planlegging innanfor sektoren
- andre relevante oppgåver innafor saksområdet.

**Innanfor fylkeskommunen si eiga verksemd skal utvalet særskild arbeide med:**

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan/årsbudsjett
- endring av budsjettrammer
- resultatvurdering

# 3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- sjå Reglement for økonomiforvaltninga punkt 3.2
- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.
- saker etter fullmakt fastsett i Reglement for delegering etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet
- tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- fordeling av midlar til ombygging av fylkeskommunale bygg innanfor gitte rammer
- fordeling av løyvingar til større undervisningsutstyr
- årleg rapport om gjennomføring planar innan eige ansvarsområde
- innan sitt saksområde gje uttale om regionale interesser i kommunale planar som ikkje er heimla i plan- og bygningslova

# 4. Saker der utvalet gjev tilråding

- framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planer innanfor utvalet sitt arbeidsområde.
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå hovudutvala i samsvar med Reglement for delegering etter særlov
- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- ivareta fagansvaret og følgje opp planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde

# 5. Arbeidsform

I saker som gjeld fleire hovudutval sine ansvarsområde, skal sak leggjast fram for alle dei aktuelle hovudutvala. Hovudutvala gir innstilling til fylkesutvalet.

I utgreiingsfasen av ei sak kan utvalet leggje saker direkte fram for fylkestinget til drøfting for å få innspel.

I viktige saker innan politikkutforming kan utvala bruka opne høyringar som arbeidsform.

# 6. Saksbehandling

For utvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

# 7. Fråsegner

Dersom utvalet sjølv ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema innan sitt saksfelt, kan utvalet vedta ei fråsegn om dette.

Fråsegner på vegner av Vestland fylkeskommune vert å leggje fram for fylkesutvalet.

# Reglement for hovudutval for samferdsel og mobilitet

Hovudutval for samferdsel og mobilitet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Utvalet har ansvar for å sikre at innbyggjarane og næringslivet har eit transportsystem som gjev miljøvenleg og trygg transport, tilstrekkeleg mobilitet og tilgjenge til viktige reisemål.

## 1. Utval. Samansetjing

Hovudutval for samferdsel og mobilitet skal ha 15 medlemer.

Medlemer og varamedlemer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemene skal veljast mellom fylkestinget sine medlemer. Kravet gjeld ikkje ved val av varamedlem. Medlem i hovudutval som og sit i fylkesutvalet kan ikkje bli vald som leiar av utvalet.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

## 2. Oppgåver

**Hovudutval for samferdsel og mobilitet skal innan sitt saksområde arbeide med:**

- fylkesvegar
- kollektivtrafikk og skuleskyss
- oppfølging av Nasjonal transportplan (NTP)
- regionale planar
- transportløyve
- tilrettelagd transport (TT-ordninga)
- elektroniske kommunikasjonstenester, til dømes infrastruktur for breiband/fiber
- andre relevante oppgåver innafor saksområdet

**Innanfor fylkeskommunen si eiga verksemd skal utvalet særskild arbeide med:**

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan/årsbudsjett

- endring av budsjettrammer
- resultatvurdering

# 3. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- sjå Reglement for økonomiforvaltninga punkt 3.2.
- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde.
- saker etter fullmakt fastsett i Reglement for delegering etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet
- tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- årleg rapport om gjennomføring planar innan eige ansvarsområde
- innan sitt saksområde gje uttale om regionale interesser i kommunale planar som ikkje er heimla i plan- og bygningslova

# 4. Saker der utvalet gjev tilråding

- framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planer innanfor utvalet sitt arbeidsområde
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå hovudutvala i samsvar med Reglement for delegering etter særlov
- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- ivareta fagansvaret og følgje opp planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde

# 5. Arbeidsform

I saker som gjeld fleire hovudutval sine ansvarsområde, skal sak leggjast fram for alle dei aktuelle hovudutvala. Hovudutvala gir innstilling til fylkesutvalet.

I utgreiingsfasen av ei sak kan utvalet leggje saker direkte fram for fylkestinget til drøfting for å få innspel.

I viktige saker innan politikkutforming kan utvala bruka opne høyringar som arbeidsform.

# 6. Saksbehandling

For utvala gjeld Reglement for saksbehandling.

# 7. Fråsegner

Dersom utvalet sjølv ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema innan sitt saksfelt, kan utvalet vedta ei fråsegn om dette.

Fråsegner på vegner av Vestland fylkeskommune vert å leggje fram for fylkesutvalet.

# Reglement for administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er oppretta i medhald av kommunelova § 5-11. Administrasjonsutvalet sitt arbeidsområde er saker som gjeld tilsetjings- og arbeidsvilkår for dei tilsette i fylkeskommunen. Utvalet skal behandle saker som gjeld tilhøvet mellom fylkeskommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

## 1. Samansetjing

Administrasjonsutvalet har 11 medlemer, der 6 av dei representerer arbeidsgjevar og 5 representerer dei tilsette.

Arbeidsgjevarrepresentantane med varamedlemer vert valde mellom medlemer og varamedlemer i fylkesutvalet. Fem medlemer med personlege varamedlemer vert valde av og mellom dei tilsette. For dei tilsette sine representantar gjeld reglane i kommunelova §§ 7-2 og 7-3, med unntak av krav om bustad.

Leiar og nestleiar av administrasjonsutvalet vert valde av fylkestinget. Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar kan veljast som leiar.

Administrasjonsutvalet er oppretta for den fylkeskommunale perioden.

## 2. Oppgåver

**a. Saker der utvalet har avgjerdsmynde**

- personalforvaltning og organisasjonsutvikling så langt det ikkje er lagt til andre
- tolking og praktisering av avtaler og reglement som vedkjem arbeidstakarane sine løns- og arbeidsvilkår
- spørsmål om helse, miljø og tryggleik (HMT)
- saker og spørsmål om likestilling, likeverd og mangfald
- saker som overordna organ delegerer til administrasjonsutvalet

**b. Saker der utvalet gjev tilråding**

- rasjonaliserings- og effektiviseringstiltak
- reglement som gjeld tilsette i fylkeskommunen
- andre spørsmål som overordna organ legg fram for administrasjonsutvalet

**c. Andre oppgåver**

- Saker som etter hovudavtalen er lagt til administrasjonsutvalet

**3. Saksbehandling**

For administrasjonsutvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

# Reglement for valnemnda

Valnemnda er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Valnemnda gir innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget. Valnemnda legg fram forslag til medlemer, varamedlemer, leiar og nestleiar i fylkeskommunen sine råd og utval, der ikkje anna er fastsett i lov eller i reglement.

Valnemnda legg og fram forslag til representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og institusjonar, generalforsamlingar mv, der fylkeskommunen har medlemer og varamedlemer i styret.

Valnemnda behandlar og søknader om fritak og midlertidig fritak frå fylkeskommunen sine medlemer i råd og utval.

## 1. Samansetjing

Fylkestinget vel i det konstituerande møtet ei valnemnd for heile valbolken. Valnemnda bør ha 13 medlemer som reflekterer styrkeforholdet i fylkestinget. Alle partia skal vere representerte i valnemnda.

Medlemer og varamedlemer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar.

Valnemnda er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

## 2. Oppgåver

- valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget.
- valnemnda gir innstilling i saker om val av skjønsmedlemer.
- valnemnda gir innstilling i saker om suppleringsval i samband med at fylkeskommunale representantar vert innvilga fritak eller midlertidig fritak.
- valnemnda gir innstilling i saker som gjeld søknader om fritak og om midlertidig fritak, der avgjerda ligg til fylkestinget. jf. kommunelova § 7-9 2. ledd.

## 3. Saksbehandling

For valnemnda gjeld Reglement for saksbehandling.

# 4. Arbeidsform

Møta i valnemnda er knytt opp mot fylkestinget sine møte.

# Reglement for fylkesvalstyret

Fylkesvalstyret vert vald med heimel i Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyrer (vallova § 4-3). Fylkesvalstyret sitt arbeidsområde er tilrettelegging av val og kontroll med gjennomføring av val i kommunane.

## 1. Samansetjing

Fylkesvalstyret sine medlemer er personsamanfallande med fylkesutvalet i Vestland. Fylkesordførar er leiar. Fylkesvaraordførar er nestleiar.

Fylkesvalstyret er vald for den fylkeskommunale valperioden.

## 2. Oppgåver

- Fylkesvalstyret sine oppgåver går fram av Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyrer (vallova) med forskrifter.

## 3. Saksbehandling

For fylkesvalstyret gjeld Reglement for saksbehandling.

# Reglement for klagenemnda

Klagenemnda er eit fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 28, 2. ledd, og er klageinstans for enkeltvedtak som er treft av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av kommunelova. Klagenemnda er likevel ikkje klageinstans for vedtak treft av fylkestinget.

## 1. Samansetjing

Klagenemnda har sju medlemer med varamedlem valde av fylkestinget. Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Av habilitetsomsyn bør ikkje medlemer i fylkesutvalet og utval med avgjerdsmynde i enkeltsaker veljast til klagenemnda.

Klagenemnda er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

## 2. Oppgåver

Klagenemnda tek avgjerd i saker om klage på enkeltvedtak treft av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av kommunelova, med unntak av fylkestinget. Departementet er klageinstans for vedtak treft av fylkestinget.

Klagenemnda tek og avgjerd i andre saker der det i lov eller forskrift er fastsett at fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans, og fylkestinget ikkje har lagt mynde til andre.

## 3. Saksførebuing

Saksførebuinga skal gjerast i samsvar med reglane i forvaltningslova kapittel VI. jf. kapittel IV og V.

## 4. Saksbehandling

For klagenemnda gjeld Reglement for saksbehandling så langt det passar.

# 5. Klagenemnda sin kompetanse, grunngjeving og rett til omgjering

## Kompetanse

Klagenemnda sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34.
Vedtaket det vert klaga på kan avvisast, stadfestast, opphevast eller endrast på dei vilkåra som går fram av lova.

## Grunngjeving

Klagenemnda sitt vedtak skal grunngjevast, jf. forvaltningslova § 24. Unntak frå plikta til å grunngje vedtaket går fram av lova § 24, 3. ledd.

Gjer klagenemnda vedtak i samsvar med forslag til vedtak frå administrasjonen, er administrasjonen si grunngjeving også fleirtalet si grunngjeving. Tilsvarande gjeld dersom det i møtet er sett fram andre forslag til vedtak med grunngjeving.

Dersom heile eller deler av fleirtalet ikkje kan slutte seg til grunngjevinga frå administrasjonen, eller frå forslagsstillaren, får dei som har røysta for fleirtalsforslaget men ønskjer å gje særgrunngjeving for si røysting, ein kort frist i møtet til å kome med skriftleg røysteforklaring. Dei som ikkje gjev slik røysteforklaring, vert rekna å ha slutta seg til administrasjonen eller forslagsstillaren si grunngjeving.

Er skriftleg forslag til grunngjeving ikkje lagt fram i møtet, får den eller dei som har sett fram det forslaget som vart vedteke, ein kort frist i møtet til å utforme ei skriftleg grunngjeving basert på dei synspunkta som vart framførde under behandlinga av saka. Dei andre medlemene som har røysta for vedtaket, får deretter ein kort frist til å kome med eventuelle særmerknader til den grunngjevinga som er gjeve, også dette basert på synspunkt formulert i møtet.

Medlemer som ikkje har røysta for det forslaget som vart klagenemnda sitt vedtak, har ikkje grunngjevingsplikt. Dei kan likevel kome med skriftlege røysteforklaringar eller protokolltilføringar dersom dei varslar om dette i møtet og gjer greie for kva slik røysteforklaring vil innehalde.

## Omgjering

Klagenemnda kan av eige tiltak gjere om vedtaket sitt i samsvar med reglane i forvaltningslova § 35.

# Reglement for trafikktryggingsutvalet

Trafikktryggingsutvalet er oppretta i medhald av kommunelova § 5-7. Etter vegtrafikklova § 40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket. Trafikktryggingsutvalet skal vere eit rådgjevande organ i saker som gjeld trafikkspørsmål, og i saker som gjeld koordinering av trafikktryggingsarbeidet i Vestland fylke.

## 1. Samansetjing

Utvalet skal ha sju medlemer der fire av medlemene skal vere frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, og tre av medlemene skal vere frå kvart av dei andre hovudutvala.

Medlemer og varamedlemer vert valde av fylkestinget, som òg vel leiar og nestleiar. Utvalsleiar for hovudutval for samferdsel og mobilitet skal vere leiar av trafikktryggingsutvalet.

Trafikktryggingsutvalet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

## 2. Oppgåver

**a) Trafikktryggingsutvalet skal gjennom sitt område:**

- ta dei initiativ utvalet finn naudsynt, og samordne offentleg og frivillig trafikktryggingsarbeid i fylket. Trafikktryggingsutvalet har ansvar for utarbeiding av eit handlingsprogram for Vestland.
- lage ein årsplan for dei konkrete tiltaka som er tenkt gjennomført i Vestland kor det synleggjerast kven som er ansvarleg for at tiltaka vert gjennomførte.
- følgje opp hendingar og utvikling i trafikktryggingsarbeidet i Vestland.
- krevje å få lagt fram kommuneplanar, reguleringsplanar, planar etter veglova, undervisningsplanar og andre planar der trafikktryggleiken er særleg viktig.
- stimulere og støtte det kommunale og frivillige trafikktryggingsarbeidet.
- ta opp andre saker som er viktig for trafikktryggleiken.

**b) Saker der trafikktryggingsutvalet har avgjerdsmynde:**

- tildeling av trafikksikringsprisen. Utvalet fastsett sjølv retningslinene for tildelinga.
- tilskot til trafikktryggingsaktiviteter
- tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak
- tilskot til trafikktryggingsplanar

**c) Saker der trafikktryggingsutvalet gjev tilråding:**

- i saker innafor sitt arbeidsområde der utvalet ikkje har avgjerdsmynde.
- i saker utvalet får til uttale frå andre utval.

**d) Fråsegn**

Dersom utvalet ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema innan sitt saksfelt, kan utvalet vedta ei fråsegn om dette.

# 3. Arbeidsform

Trafikktryggingsutvalet skal ha minst fire møter i året og elles etter behov.

# 4. Saksbehandling

For trafikktryggingsutvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

# Reglement for yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda er oppretta med heimel i opplæringslova § 12-3. Fylkestinget nemner opp yrkesopplæringsnemnda. Yrkesopplæringsnemnda er eit sentralt forum for utviklingsarbeidet innanfor fag- og yrkesopplæringa i Vestland fylkeskommune. Nemnda er eit rådgjevande organ.

## 1. Samansetjing

Yrkesopplæringsnemnda i Vestland skal ha 12 faste medlemer med personlege varamedlemer.

Medlemene med personlege varamedlemer skal til saman ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål i Vestland fylkeskommune. Det skal i alle høve nemnast opp medlemer frå partane i arbeidslivet etter forslag frå arbeidstakarorganisasjonane og etter forslag frå arbeidsgivarorganisasjonane. Alle organisasjonar som er representerte i organ for samarbeid om fag- og yrkesopplæringa jf. § 12-1, har rett til å vere representerte i nemnda. Det er krav om å vere folkeregistrert som busett i fylket på tidspunktet for oppnemning til yrkesopplæringsnemnda.

Arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane skal til saman ha 8 medlemer, fordelt slik:

**LO: 2**
**YS: 1**
**UNIO/Utdanningsforbundet: 1**
**NHO: 1**
**KS: 1**
**Virke: 1**
**Spekter: 1**

I tillegg skal det vere eitt medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og eitt medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon. Det skal dessutan vere ein elevrepresentant og ein lærlingrepresentant, oppnemnd etter forslag frå organisasjonar eller organ som representerer desse.

Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar.

Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Elevrepresentant og lærlingrepresentant blir oppnemnde for to år om gongen.

# 2. Oppgåver

Yrkesopplæringsnemnda sine oppgåver går fram av opplæringslova §§ 4-3, 12-3 og 12-4.

Yrkesopplæringsnemnda skal nytte prøvenemndene som yrkesutval innanfor kvart av faga/fagområda.

Yrkesopplæringsnemnda skal fremje behov hos og synspunkt frå arbeidslivet overfor fylkeskommunane.

Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak uttale seg i saker som fylkeskommunen etter opplæringslova § 4-8 er pliktige til å leggje fram for nemnda. Dette gjeld mellom anna saker om:

- godkjenning av lærebedrifter jf. § 4-3 jf. forskrift til opplæringslova § 11-1
- tap av godkjenning jf. forskrift til opplæringslova § 11-5
- fylkeskommunen sitt kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for å heve kvaliteten av heile fag- og yrkesopplæringa. Yrkesopplæringsnemnda skal særleg:

- fremje forslag til organisering, arbeidsmåtar og strategiar for å utvikle kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
- vurdere og uttale seg om rutinane i fylkeskommunen for å sikre kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
- vurdere korleis partane i arbeidslivet skal bidra til kvalitetsutvikling og -sikring i fag- og yrkesopplæringa
- vurdere korleis samhandlinga mellom skolar og lærebedrifter kan betrast
- vurdere korleis kompetanseutvikling kan sikrast

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod.

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for at rådgivinga om fag- og yrkesopplæring blir best mogleg, og foreslå tiltak der ho finn det nødvendig.

Yrkesopplæringsnemnda skal gi råd om korleis utvikling av fag- og yrkesopplæringa og samhandling mellom skolar og bedrifter kan medverke til regional utvikling, mellom anna utvikling av nye verksemder og arbeidsplassar.

# 3. Arbeidsform

Yrkesopplæringsnemnda er eit rådgjevande organ utan avgjerdsmynde.

Yrkesopplæringsnemnda gjev tilråding i alle saker kor det går fram av opplæringslova at nemnda skal gje uttale og råd.

Yrkesopplæringsnemnda kan gje sjølvstendige fråsegner innan sitt saksfelt.

Fylkeskommunedirektøren førebur sakene nemnda skal behandle og har sekretariatsfunksjon for nemnda.

Yrkesopplæringsnemnda kan delegere oppgåver til fylkeskommunedirektøren.

# 4. Saksbehandling

For yrkesopplæringsnemnda gjeld Reglement for saksbehandling.

# Reglement for medverknadsorgana

Medverknadsorgana fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og fylkesting for ungdom skal ha ei rådgjevande rolle i den fylkeskommunale verksemda og skal ha rett til å uttale seg i saker som gjeld eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom.

Medverknadsorgana er oppretta i medhald av kommunelova § 5-12.

Medverknadsorgana sine oppgåver, saksbehandling og organisering blir regulert i forskrift gitt av departementet.

## 1. Samansetjing

### Fylkeseldrerådet

Rådet skal ha ni medlemer oppnemnde av fylkestinget. To av medlemene skal vere fylkestingsrepresentantar og sju medlemer vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar og andre organisasjonar som representerer eldre. Fleirtalet av medlemene i fylkeseldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom medlemene. Val av leiar og nestleiar skal skje ved fleirtalsval.

Fylkeseldrerådet er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

### Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet skal ha ni medlemer oppnemnde av fylkestinget. Fire av medlemene skal vere fylkestingsrepresentantar og fem medlemer vert valde etter forslag frå organisasjonar som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom medlemene. Val av leiar og nestleiar skal skje ved fleirtalsval.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er oppretta den fylkeskommunale valperioden.

## Fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval

Fylkesting for ungdom har 86 medlemer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsorgan i fylket. Medlemene av fylkesting for ungdom skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.

Fylkesting for ungdom har rett på 10 minutt taletid i ordinære fylkesting. Taletida vert nytta ved opninga av fylkesting dag 2.

Vestland ungdomsutval er fylkesting for ungdom sitt utførande organ. Utvalet skal veljast av fylkesting for ungdom og det kan ikkje veljast medlemer utanfor fylkesting for ungdom sine representantar/delegatar. Utvalet skal bestå av 9 medlemer. Det skal og veljast sju varamedlemer der dei tre første har møteplikt. Medlemene av Vestland ungdomsutval skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.

Vestland ungdomsutval peikar sjølv ut leiar og nestleiar som skal veljast ut mellom medlemene. Varamedlemer kan ikkje bli vald som leiar eller nestleiar.

Vestland ungdomsutval skal ha ein valperiode på inntil to år.

# 2. Oppgåver

**a. Medverknadsorgana kan innafor sitt arbeidsområde**

- Gi uttale til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- Gi uttale til regionale planar som angår eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom
- Gi uttale til saker som andre fylkeskommunale organ legg fram
- Gi råd i alle saker som gjeld levevilkår for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd.
- Arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd.

Medverknadsorgana kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Årsmelding frå medverknadsorgana vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli kvart år. Fylkesting for ungdom skal i tillegg leggje fram protokoll frå deira fylkesting samt det nye handlingsprogrammet.

Medverknadsorgana skal ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar.

**b. Saker der medverknadsorgana har avgjerdsmynde**

- Saker som gjeld eige organisasjon, til dømes budsjett.

**c. Saker der medverknadsorgana gjev råd**

- Saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom.

**d. Fråsegner**

- Medverknadsorgana kan innanfor sitt arbeidsområde gje sjølvstendige fråsegner, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

# 3. Arbeidsform

Medverknadsorgana skal ha minst seks møter kvart år og elles etter behov.

**Vestland fylkeskommune sitt ansvar er å:**

- Leggje fram saker som angår eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom på eit så tidleg tidspunkt at rådet si uttale kan ha moglegheit til å påverke utfallet av saka.
- Auke kompetansen til medverknadsorgana i samband med administrative og politiske prosessar.
- Syte for eit tilfredsstillande sekretariat slik det kjem fram av kommunelova § 5-12 og forskrift knytt til denne.
- Nemne opp ein politisk kontaktperson for ungdommens fylkesting.

# 4. Saksbehandling

For medverknadsorgana gjeld Reglementet for saksbehandling så langt det passar.

# Oversikt innstillingsrett folkevalde organ

| Organ | Innstiller til |
|---|---|
| **Trafikktryggingsutvalet** | Hovudutval for samferdsel og mobilitet |
| **Yrkesopplæringsnemnda** | Hovudutval for opplæring og kompetanse |
| **Valnemnda** | Fylkestinget |
| **Fylkesutvalet** | Fylkestinget |
| **Hovudutval for samferdsel og mobilitet** | Fylkesutvalet |
| **Hovudutval for næring** | Fylkesutvalet |
| **Hovudutval for kultur, idrett og integrering** | Fylkesutvalet |
| **Hovudutval for opplæring og kompetanse** | Fylkesutvalet |
| **Administrasjonsutvalet** | Fylkesutvalet |
| **Fylkesvalstyret** | - |
| **Finansutvalet** | Fylkesutvalet |
| **Kontrollutvalet** | Forslag til budsjett om kontrollarbeidet til fylkestinget |

# Oversikt uttalerett folkevalde organ

| Organ | Uttale |
|---|---|
| **Fylkeseldrerådet** | Rett til å gi uttale i saker som vedkjem eldre |
| **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne** | Rett til å gi uttale i saker som vedkjem menneske med nedsett funksjonsevne |
| **Fylkesting for ungdom/Vestland ungdomsutval** | Rett til å gi uttale i saker som vedkjem ungdom |
| **Kontrollutvalet** | Årsregnskap og årsberetning til fylkestinget |
| **Hovudutvala** | I sak om budsjett/økonomiplan til finansutvalet |

# Reglement for saksbehandling

Kommunelova kapittel 11 inneheld reglar om saksbehandling for folkevalde organ og andre fylkeskommunale organ. Fylkestinget fastset etter kommunelova § 11-12 eit reglement med nærare reglar for saksbehandlinga i slike organ.

Både kommunelova kapittel 11 og Reglement for saksbehandling gjeld for folkevalde organ og andre fylkeskommunale organ lista opp i kommunelova §§ 5-1 og 5-2. I Reglement for saksbehandling er her nytta *folkevalde organ* eller berre *organ* om alle desse organa.

## 1. Målform

Innkallingar, saklister, saksførelegg og møteprotokollar skal vere på nynorsk.

## 2. Inhabilitet

For medlemer i folkevalde organ gjeld reglane om habilitet i forvaltningslova kap. 2 og særreglane i kommunelova § 11-10.

Ein medlem skal i god tid orientere sekretariatet om faktiske forhold som gjer eller kan gjere han inhabil, sjå nærare prosedyre i *Folkevalde i Vestland – rettar og plikter.*

Medlemen bør gjere seg opp ei vurdering av sin habilitet som han munnleg kan leggje fram for organet. Medlemen fråtrer deretter når organet skal drøfte habilitetsspørsmålet. Det er organet sjølv som tek avgjerd om medlemen er inhabil.

Den som etter vedtak i folkevalde organ er å sjå som inhabil, tek ikkje del i behandlinga av den aktuelle saka. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet. Organet kan likevel i særskilde tilfelle, t.d. når medlemen har ei rolle i den vidare oppfølginga av saka, gje vedkomande høve til å vere til stades i møterommet.

# 3. Teieplikt

Folkevalde har teieplikt i samsvar med forvaltningslova § 13 og særlover. Dei same reglane gjeld for andre som tek del i møtet.

# 4. Tolking av reglement

Dersom det oppstår tvilsspørsmål med omsyn til tolking av dette saksbehandlingsreglementet, skal fylkeskommunedirektøren gje ei grunngjeven tolking.

Dersom ein medlem krev det, skal fylkeskommunedirektøren leggje fram spørsmålet for fylkesutvalet for uttale.

# 5. Møteprinsippet

Folkevalde organ skal behandle saker og treffe vedtak i møte, jf. kommunelova § 11-2. Møte i folkevalde organ skal haldast dersom eitt av vilkåra under er oppfylt:

a) Organet sjølv eller fylkestinget vedtek det.
b) Leiaren av organet meiner det er naudsynt.
c) Minst 1/3 av medlemene krev det.

Møta i organet vert leia av leiaren eller nestleiaren. Dersom begge har forfall, vel organet ein særskilt møteleiar ved fleirtalsval. Ved same tal røyster på to eller fleire medlemer, vert valet avgjort ved loddtrekking.

Fylkestinget behandlar møteplan for året for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet.

# 6. Møteoffentlighet, lukking av møte og fjernmøte

Møte i folkevalde organ går for opne dører og er offentleg tilgjengelege for offentlegheita, jf. kommunelova § 11-5.

Eit organ skal vedta å lukke eit møte når det skal behandle ei sak som gjeld ein arbeidstakars tenestlege forhold. Organet skal og vedta å lukke eit møte når det behandlar ei sak som inneheld opplysningar som er omfatta av lovbestemt teieplikt.

Eit organ kan vedta å lukke eit møte dersom eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

a) Omsynet til personvern krev at møtet vert lukka.

b) Omsynet til tungtvegande offentlege interesser tilseier at møtet vert lukka, og det vil koma fram opplysningar i møtet som kunne ha vore unnateke frå innsyn etter offentleglova dersom dei hadde stått i eit dokument.

Røysting om eventuell lukking av eit møte vert gjort i opent møte.

Folkevalde organ fastset sjølv i det enkelte tilfelle om eit møte skal haldast som fjernmøte, jf. kommunelova § 11-7. Slik behandling kan ikkje nyttast i saker som vedkjem ein arbeidstakar sine tenestlege forhold og saker med opplysningar som er underlagde teieplikt.

Fylkestinget har ikkje høve til å ha fjernmøte. Fylkestinget kan likevel, som andre folkevalde organ, halde hastefjernmøte etter nærare reglar i kommunelova § 11-8.

# 7. Utvida innsynsrett for folkevalde organ

Fylkestinget har rett til innsyn i alle fylkeskommunale saksdokument, med dei skrankane som følgjer nedanfor. Andre folkevalde organ har, med dei same skrankane, rett til innsyn i alle saksdokument som gjeld dei delane av fylkeskommunen si verksemd som ligg innanfor organet sitt verkeområde. For krav om innsyn som nemnd, krevst minst 3 røyster eller fleirtalet av røystene i organet.

Eit folkevald organ kan berre få innsyn i saksdokument som gir kunnskap om teiepliktige opplysningar når det er naudsynt for behandlinga av ei konkret sak, og forvaltningslova § 13 b første ledd gir heimel for unntak frå teieplikta. For krav om slikt innsyn må vedtak treffast med fleirtalet av røystene i organet.

Retten til innsyn gjeld frå det tidspunkt då saka som saksdokumenta høyrer til, er sendt til behandling i det folkevalde organet. For saker som vert avgjort av administrasjonen, gjeld innsynsretten frå tidspunktet kor sakene er ferdigbehandla.

# 8. Møtebok

Det skal førast møtebok frå møte i folkevalde organ, jf. kommunelova § 11-4. Møteboka skal leggjast ut elektronisk på fylkeskommunen sine heimesider.

**Av møteboka skal det gå fram**

- tid og stad for møtet
- kven som var til stades og kven som var fråverande
- kva saker som var lagt fram
- eventuelle partar sine nye opplysningar i ei sak, jf. punkt 21
- alle forslag som er sette fram i ei sak
- vedtaka i sakene som vart handsama med opplysning om røystetal
- protokolltilføringar og merknader frå medlemer når vedkomande krev det
- interpellasjonar og andre skriftlege spørsmål, og forslag og vedtak med røystetal i samband med dette
- vedtak om at møtet skal haldast for lukka dører med heimel for lukking
- vedtak knytt til om ein medlem er habil eller inhabil med heimel og vedtak om fritak av personlege årsaker med heimel
- Tema for munnlege orienteringar

Organet godkjenner møteboka i påfølgjande møte.

# 9. Fylkeskommunedirektøren si saksførebuing og rolle i møtet. Sekretariat.

Fylkeskommunedirektøren avgjer til ei kvar tid kven som skal ha sekretariatsfunksjon for dei ulike folkevalde organa der ikkje anna følgjer av lov eller forskrift.

Fylkeskommunedirektøren skal syte for at sakene er forsvarleg utgreidde og at dei inneheld forslag til innstilling eller vedtak. Utgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak.

Fylkeskommunedirektøren har møte- og talerett i alle folkevalde organ unnateke kontrollutvalet, jf. kommunelova § 13-1 femte ledd. Fylkeskommunedirektøren kan la seg representere ved andre tilsette.

Fylkeskommunedirektøren skal syte for at vedtak treft av folkevalde organ vert sete i verk utan ugrunna opphald. Dersom fylkeskommunedirektøren vert merksam på faktiske eller rettslege

omstende som har sentral betyding for iverksetjing av vedtaket, skal han eller ho gjere organet merksam på dette på eigna måte.

# 10. Innkalling og sakliste

Leiaren i folkevalde organ set opp sakliste for kvart møte, jf. kommunelova § 11-3 første ledd.

Dersom minst 1/3 av organet sine medlemer i møte krev det, skal ei sak setjast på saklista til neste møte.

Møte skal verte kunngjort på fylkeskommunen sine heimesider, også dersom møtet kan verte heilt eller delvis lukka etter kommunelova § 11-5.

Innkalling og saksførelegg til møte i folkevalde organ skal sendast medlemer og varamedlemer *minimum* 4 dagar før møtedato. Sakliste for møtet og saksdokument som ikkje er unnateke offentlegheit, vert samstundes lagd ut på fylkeskommunen sine heimesider.

# 11. Behandling av saker

Sakene skal behandlast i den rekkefølgja som går fram av innkallinga. Organet kan vedta ei anna rekkefølgje. Er ei sak teken opp til behandling, kan møtet ikkje hevast før saka er avgjort ved røysting, eller organet vedtek å utsetje saka.

Organet kan med alminneleg fleirtal vedta å utsetje realitetsbehandling av ei sak på den utsende saklista, jf. kommunelova § 11-3 fjerde ledd.

Organet kan og gjere vedtak i sak som ikkje er ført opp på saklista. For at saka skal setjast på saklista, må ikkje møteleiar eller 1/3 av dei frammøtte medlemene sete seg imot, jf. kommunelova § 11-3 femte ledd. Det same gjeld om sak som står på saklista, men der saksdokumenta ikkje er sendt ut med innkallinga.

Dersom organet vedtek å setje saka på saklista, må organet deretter røyste over forslaget. Til dømes vert fråsegn behandla i to steg som her beskrive.

# 12. Møteplikt, forfall og fritak av personlege årsaker

Medlemer av folkevalde organ plikter å delta i møta i organet dersom dei ikkje har gyldig forfall. jf. kommunelova § 8-1.

Som gyldig forfall vert rekna sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsetjast eller forsømast. Organet avgjer sjølv om forfall er gyldig.

Forfall og årsak til forfall skal meldast til sekretariatet snarast mogleg og i god tid før møtet, sjå nærare prosedyre i *Folkevalde i Vestland - rettar og plikter*.

Ein folkevald kan søkje om å verte friteke frå behandlinga av ei sak dersom personlege årsaker tilseier fritak, jf. kommunelova § 11-11. Organet avgjer sjølv om medlemen vert friteke.

# 13. Vedtaksført organ og opning av møtet

For at eit folkevald organ skal kunne treffe eit vedtak, må minst halvparten av medlemene vere til stades under forhandlingane og gje stemme i den aktuelle saka. Er minst halvparten av medlemene til stades, seier møteleiaren møtet for sett.

Dersom det i samband med namneoppropet kjem motmæle mot nokon sin rett til å ta del i forhandlingane,  gjer organet først vedtak om dette.

Medlemer som møter etter at møtet er sett melder seg for møteleiaren. Etter at møtet er sett, kan medlemen ikkje forlate møtet utan at organet har innvilga slik søknad, sjå nærare prosedyre i *Folkevalde i Vestland - rettar og plikter.*

# 14. Ordskifte. Taletid. Møteleiar si deltaking.

Møteleiaren les opp nummer og tittel på den enkelte saka på saklista og viser til forslag til vedtak i tilrådinga. Møteleiaren kan og gjera greie for saka så langt det er nødvendig.

Før ordskiftet i ei sak tek til – og under ordskiftet – kan møteleiar ta avgjerd om å korta av på taletida til eit bestemt tidsrom for kvart innlegg. Møteleiar tek avgjerd om å slutte av ordskiftet i ei sak med mindre utvalet vedtek noko anna.

Talarane får ordet i den rekkefølgja dei ber om det. Ber fleire om ordet samstundes, avgjer møteleiaren rekkefølgja. Utanom denne rekkefølgja kan møteleiaren i fylkestinget eller fylkesutvalet gje ordet til fylkeskommunedirektøren eller den som fylkeskommunedirektøren peikar ut, til å gje informasjon. I andre organ gjeld dette tilsvarande for den som møter på vegner av fylkeskommunedirektøren eller den som den møtande peikar ut. Den som får ordet, vender seg til møteleiaren.

Møteleiaren kan gje høve til replikkordskifte i tilknyting til innlegget frå siste talar, og møteleiar fastset tidsgrenser for slikt ordskifte.

Vil møteleiaren vera med i ordskiftet om ei sak, og det ikkje gjeld korte merknader, bør møteleiaren overlata møtestyringa til nestleiar eller eit anna medlem.

Møteleiaren skal sjå til at møtet finn stad i ordna former. Møteleiaren har mynde til å åtvare medlemer eller andre frammøtte som uroar møtet. Møteleiaren kan og la organet avgjere ved røysting om medlemer eller andre frammøtte som uroar, skal stengjast ute frå resten av møtet.

Materiell, teikningar, plakatar eller liknande må ikkje takast med inn i eller delast ut i møtelokalet eller i tilstøytande rom utan at møteleiaren, eller i tilfelle organet samtykkjer til dette.

# 15. Forslagsrett

Forslag kan ikkje setjast fram av andre enn organet sine medlemer med mindre det ligg føre lovleg heimel. Forslag skal fremjast munnleg i møtet og sendast inn elektronisk. Kravet om at forslag skal vere elektroniske gjeld likevel ikkje i saker som er unntatt offentlegheit. Det skal gå fram kven som står bak forslaget. Sjå nærare prosedyre i *Folkevalde i Vestland - rettar og plikter.*

Forslaget kan og vere munnleg dersom det går ut på å utsetje saka som er til behandling.

# 16. Røysting

Når ordskiftet er slutt, skal saka som hovudregel takast opp til røysting.

Møteleiaren varslar dei som er utanfor sjølve møtesalen. Medlemene har rett og plikt til å røyste. Er ein medlem fråverande frå salen når saka vert teken opp til røysting, har medlemen ikkje røysterett.

Organet avgjer, etter forslag frå møteleiaren, rekkefølgja av røystingane der saka er delt opp eller det er sett fram fleire forslag.

Før den endelege røystinga i ei sak, kan organet halde prøverøysting som ikkje er bindande.

Røystingane skjer ved stillteiande eller aktiv godkjenning på den måten møteleiar fastset.

Vedtak vert gjort med fleirtal av røystene som er gjeve, dersom ikkje anna følgjer av reglane i kommunelova eller av vallova § 9-3 andre ledd. Ved likt røystetal i andre saker enn val, er møteleiar si røyst avgjerande.

# 17. Ny behandling av avgjort sak

Når ei sak er avgjort, må ikkje organet ta saka opp att i same møtet om det ikkje seinare er kome nye opplysningar eller endra forhold som er vesentlege for avgjerda i saka.

# 18. Spørsmål

Kvar medlem av organet kan stille spørsmål til møteleiaren også om saker som ikkje står på sakslista, jf. § 11-2 fjerde ledd i kommunelova.

Møteleiar kan be andre svare på spørsmålet.

I hovudutvala og fylkesutvalet er det høve til å stille skriftlege spørsmål og be om skriftleg svar. Slike spørsmål må meldast skriftleg seinast kl. 9 to yrkedagar før møtet i organet. Sjå nærare prosedyre i *Folkevalde i Vestland - rettar og plikter*. For spørsmål som meldast etter fristen, kan spørsmålsstillar velje å stille dette munnleg i møtet, alternativt be om å få spørsmålet svart ut skriftleg til neste møte.

Dersom spørsmålet er av omfattande karakter, kan det bli naudsynt å utsetje svaret til påfølgjande møte. I slike tilfelle skal organet orienterast om dette.

# 19. Deputasjonar

Deputasjonar frå interessegrupper som ønskjer å møte for eit folkevald organ og uttale seg om ei sak som skal behandlast i det aktuelle møtet, skal melde frå til leiar seinast tre dagar før møtet. Møteleiar avgjer om deputasjonen skal få høve til å møte i organet.

# 20. Orienteringar

Informasjon/orienteringar om aktuelle tema kan setjast på dagsorden etter leiar si avgjerd.

# 21. Partsinteresse

Partar i ei sak har ikkje rett til å uttala seg i organet med mindre organet vedtek noko anna.

# 22. Lovlegkontroll

Tre eller fleire medlemer av fylkestinget kan saman krevje lovlegkontroll av vedtak treft av folkevalde organ eller fylkeskommunal administrasjon, jf. kommunelova § 27-1.

Fristen for å krevje kontroll er 3 veker frå det tidspunktet vedtaket vart treft.

# Reglement for økonomiforvaltninga

**Vedteke av fylkestinget 15. oktober 2019**

## Innleiing

Reglement for økonomiforvaltninga er vedteke av fylkestinget i medhald av kapittel 14 i kommunelova. Reglementet fastset fylkestinget sitt mynde, delegering av mynde til andre folkevalde organ og til fylkeskommunedirektøren. Fylkestinget vedtek sjølv endringar i reglementet.

## 1.Fylkestinget

1.1 Fylkestinget vedtek årsbudsjett og økonomiplan for fylkeskommunen og endringar i desse, i medhald av kapittel 14 i kommunelova.

Løyvingane i driftsbudsjettet vert vedtekne som netto driftsrammer pr løyvingsnivå.

Løyvingane i investeringsbudsjettet vert vedtekne brutto for ulike prosjekt/sekkepostar.

Mål, prioriteringar og føresetnader for løyvingane frå fylkestinget går fram av tekstdelen av årsbudsjett- og økonomiplandokumentet.

1.2 Fylkestinget vedtek budsjettendringar mellom ansvarsområda til hovudutvala.

1.3 Fylkestinget kan elles delegere mynde til andre politiske organ og til fylkeskommunedirektøren.

# 2. Fylkesutvalet

2.1 Fylkesutvalet gjev innstilling til fylkestinget om årsbudsjett og økonomiplan, etter forslag frå finansutvalet.

2.2 Fylkesutvalet har mynde til gjere budsjettendringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet gjennom året for områda organisasjon og økonomi og strategi og digitalisering.

# 3. Hovudutvala

3.1 Hovudutvala behandlar forslag til årsbudsjett og økonomiplan før fylkesutvalet legg fram si innstilling til fylkestinget.

3.2 Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettreglement og dei årlege budsjettvedtak.

Hovudutvala har mynde til å disponere ufordelte løyvingar i investeringsbudsjettet innanfor sitt ansvarsområde.

# 4. Fylkeskommunedirektøren

4.1 Etter at fylkestinget har vedteke årsbudsjettet på løyvingsnivå, fordeler fylkeskommunedirektøren driftsbudsjettet vidare til tenleg detaljeringsnivå for å sikre god økonomistyring. Dette myndet kan delegerast vidare til andre leiarar.

4.2 Fylkeskommunedirektøren har mynde til å justere budsjettet gjennom året med endringar av teknisk karakter, t.d. avskrivingar, og fordele samleløyvingar, t.d. personalmidlar, lønsavsetjing o.l. på tvers av løyvingsnivåa som fylkestinget har vedteke. Dette myndet kan delegerast vidare til andre leiarar.

4.3 Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjennomføre låneopptak i samsvar med vedtak i fylkestinget.

4.4 Fylkeskommunedirektøren har mynde til å tilpasse drifts- og investeringsbudsjettet for å tilfredsstille forskrifta sitt krav om at utstyr og inventar skal førast i kapitalrekneskapen.

4.5 Fylkeskommunedirektøren har mynde til å setje i verk naudsynte strakstiltak ved ras, flaumar og liknande uventa hendingar.

4.6 Fylkeskommunedirektøren har mynde til å omdisponere mellom prosjekt innanfor dei enkelte programområda slik dei går fram av fylkesvegbudsjettet.

# 5. Budsjettoppfølgjing

5.1 Fylkestinget behandlar driftsrapportar to gonger i året, etter innstilling fra fylkesutvalet. Driftsrapportene skal vise utviklinga i inntekter og utgifter i høve til vedteke årsbudsjett, med nødvendige forslag til justeringer.

# 6. Disponeringsfullmakt

6.1 Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter, i samsvar med kommunelova § 13-1 (6).

6.2 Fylkeskommunedirektøren disponerer løyvingane i årsbudsjettet, og har tilvisingsrett. Fylkeskommunedirektøren kan delegere dette myndet til andre leiarar. Fylkeskommunedirektøren fastset reglement for attestasjon og tilvising, og skal ha oversyn over tilsette med tilvisingrett.

6.3 Fylkeskommunedirektøren forpliktar fylkeskommunen i saker som gjeld erstatningskrav, tvangsfullbyrding og forlik. Myndet kan delegerast til andre leiarar.

# 7. Årsavslutting

7.1 Fylkeskommunedirektøren har mynde til å setje av midlar til disposisjonsfond for bruk seinare år innanfor drifta av skular og tannklinikkar.

7.2 Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjennomføre naudsynte strykningar ved rekneskapsavsluttinga i samsvar med kap 4 i Budsjett- og rekneskapsforskrifta. Fylkeskommunedirektøren skal leggje til grunn følgjande rekkjefølgje ved gjennomføringa av strykingane:

1. Overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
2. Andre avsetjingar til disposisjonsfond
3. Avsetjing av evt. overskot i vidaregåande skular og i tannhelsetenesta

# Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga

**Vedteke av fylkestinget 15. oktober 2019**

## 1. Finansreglementet sitt virkeområde

### 1.1 Føremålet med reglementet

Reglementet skal gi rammer og retningslinjer for Vestland fylkeskommune sin finans- og gjeldsforvaltning. Reglementet utgjer ei samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld, og underliggjande fullmakter/instruksar/rutinar skal heimlast i reglementet. Reglementet definerer dei risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar berekna for driftsføremål, opptak av lån/gjeldsforvaltning og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

### 1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Vestland fylkeskommune.

## 2. Heimel og gyldigheit

### 2.1 Heimel

Dette reglementet er utarbeida på bakgrunn av:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. juni 2018, kapittel 14
- Forskrift om finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner (høyringsutkast april 2019).

### 2.2 Gyldigheit

Reglementet trer i kraft frå og med 1. januar 2020.

# 3. Forvaltning og forvaltningstypar

I samsvar med forskrifta om kommunar og fylkeskommunar sin finansforvaltning skal reglementet omfatte forvaltninga av alle finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (renteberande gjeld). Gjennom dette reglementet er det vedteke målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål,
- Forvaltning av gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtalar,
- Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

# 4. Føremålet med fylkeskommunen sin finans- og gjeldsforvaltning

Finans- og gjeldsforvaltninga har som overordna føremål å sikre ein rimeleg avkastning samt stabile og låge netto finansieringskostnader for fylkeskommunen sine aktivitetar innanfor definerte risikorammer.

Dette vert forsøkt oppnådd gjennom følgjande delmål:

- Fylkeskommunen skal til ein kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrettigheitar) til å dekke løpande forpliktingar.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gi ein god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risi¬ko. Det må her takast omsyn til tidsperspektiv på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gi lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det må her takast omsyn til behovet for føreseielegheit i lånekostnadar.
- Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gi ein god langsiktig avkastning til akseptabel risiko som over tid skal bidra til å gi fylkeskommunen sine innbyggjarar eit best mogleg tenestetilbod.

# 5. Generelle rammer og avgrensingar

- Fylkestinget skal sjølv gjennom fastsetting av dette reglementet ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansielle risiko, jf. kommunelova kap. 14.
- Reglementet skal basere seg på fylkeskommunen sin eigen kunnskap om finansielle marknader og instrument.
- Fylkestinget skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finans- og gjeldsforvaltninga, mellom anna kva som skal reknast som langsiktige finansielle aktiva. Fylkeskommunedirektøren har ei sjølvstendig plikt til å utgreie og leggje fram saker for fylkestinget som vert vurdert som prinsipielle.
- Fylkeskommunedirektøren skal fortløpande vurdere kor eigna reglementet sine rammer og avgrensingar er, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltninga vert utøvd forsvarlig i høve dei risikoar fylkeskommunen er eksponert for.

- Fylkeskommunedirektøren har fullmakt til å inngå avtalar i samsvar med dette finansreglementet.
- Fylkeskommunedirektøren skal med heimel i dette finansreglementet utarbeide naudsynte fullmakter/instruksar/rutinar for dei enkelte forvaltningsformer.
- Fylkeskommunen kan nytte finansielle instrument og avleda instrument/derivat. Slike instrument skal vere konkret nemnt under dei enkelte forvaltningsformer og må nyttast innanfor risikorammene for underliggande aktiva eller gjeld. Desse instrumenta skal inngå ved berekning av finansiell risiko.
- Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt nemnt gjennom dette reglementet, kan ikkje nyttast i fylkeskommunen sin finans- og gjeldsforvaltning.

Plassering av Vestland fylkeskommune sine midlar i verdipapir, skal skje iht. etiske kriteria. Desse kriteria er omtalt i kapittel 9. Så langt det er praktisk mogleg skal desse etiske kriteria også gjelde for plasseringar i verdipapirfond.

Konkrete rammer for forvaltning av høvesvis fylkeskommunen sine midlar til driftsføremål (inkl. ledig likviditet), gjeldsporteføljen og langsiktige finansielle aktiva vert omtalt kvar for seg i punkta 6-8 under.

# 6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål

Fylkeskommunen sine midlar til driftsføremål (mellom anna ledig likviditet) kan plasserast i bankinnskot, pengemarknadsfond og korte obligasjonsfond. Alle plasseringar skal gjerast i norske kroner (NOK).

Fylkeskommunen skal inngå rammeavtale for å ivareta det løpande behovet for banktenester. Ved val av hovudbankforbindelse vert det stilt krav om minimum internasjonal kredittrating A- eller tilsvarande kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrett.

Fylkeskommunen sin driftslikviditet skal plasserast i fylkeskommunen sin hovudbank, eventuelt supplert med innskot i andre større spare- eller forretningsbankar med forvaltningskapital som overstig NOK 10 mrd.

Ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål, utover kva som er naudsynt til dekning av fylkeskommunen sine løpande forpliktingar, fråtrekt estimerte innbetalingar, dei næraste 3 månader, kan plasserast etter retningslinjer som vist nedanfor.

### 6.1 Kort likviditet

Kort likviditet er midlar som er forventa å nytte innan 2 år og kan plasserast innanfor følgjande segment og handlingsrom:

#### 6.1.1 Innskot i bank

For bankinnskot gjeld følgjande avgrensingar:

a) Tidsbinding kan ikkje avtalast for ein periode på meir enn 12 månader.
b) Eit enkelt innskot med tidsbinding kan ikkje utgjere meir enn NOK 100 mill.

#### 6.1.2 Pengemarknadsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjeld følgjande:

a) Midlar kan kun plasserast i fond forvalta av selskap med brei verdipapirforvaltning og som er ein del av ein anerkjent institusjon/finanskonsern.
b) Fondets rentefølsemd kan ikkje overstige 1.
c) Ingen av fondet sine enkeltpapir skal ha lågare kredittrating enn BBB- ("investment grade"), eller dei skal vere vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet.

Porteføljen i aktuelle pengemarknadsfond kan bestå av papir med inntil 20 % risikovekt (BIS[1] -vekt), mellom anna:

   a. Renteberande papir utstedt eller garantert av den norske stat.
   b. Renteberande papir utstedt i NOK, utstedt eller garantert av OECD/EØS sone A statar[2].
   c. Obligasjonar med fortrinnsrett (særskilt sikra obligasjonar) [3].
   d. Renteberande papir utstedt eller garantert av norske statsføretak.
   e. Renteberande papir utstedt eller garantert av norske kommunar eller fylkeskommunar.
   f. Renteberande papir, i form av "senior" sertifikat – og obligasjonslån, utstedt eller garantert av norske bankar eller kredittinstitusjonar.

d) Det kan ikkje plasserast midlar i pengemarknadsfond som inneheld industriobligasjonar, ansvarlege lån eller fondsobligasjonar.
e) Samla gjennomsnittleg løpetid for kreditten (kredittdurasjonen) i eit enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 1,5 år.

### 6.2 Mellomlang likviditet

Mellomlang likviditet er midlar som ikkje er forventa å nytte innan 2 år. For å oppnå noko høgare forventa avkastning vert det her akseptert ein høgare rente- og kredittrisiko på plasseringane.

Den mellomlange likviditeten kan plasserast innanfor følgjande segment og handlingsrom:

---

1 BIS: Bank for International Settlements
2 Stat i sone A: Statar innan OECD området, samt Det europeiske økonomiske fellesskap. Statar som reforhandlar sin statlege utanlandsgjeld, skal utelukkast i eit tidsrom på 5 år.
3 Obligasjonar utstedt av kredittføretak med fortrinnsrett i ein sikkerheitsmasse som inneheld offentlege lån, utlån med pant i bolig eller annen fast eigendom.

### 6.2.1 Pengemarknadsfond

For plassering i pengemarknadsfond gjeld følјande:

a) Midlar kan kun plasserast i fond forvalta av selskap med brei verdipapirforvaltning og som er ein del av ein anerkjent institusjon/finanskonsern.
b) Fondets rentefølsemd kan ikkje overstige 1.
c) Fondet kan kun investere i papir der utstedaren eller papiret sjølv har ein rating på minimum BBB- ("investment grade")
d) Ansvarlege lån frå finansinstitusjonar kan utgjere inntil 15 % av porteføljen, og finansinstitusjonane skal ha ein rating på minimum BBB+.
e) Samla gjennomsnittleg løpetid for kreditten (kredittdurasjonen) i eit enkelt pengemarknadsfond skal ikkje overstige 2,0 år.

### 6.2.2 Korte obligasjonsfond

For plassering i korte obligasjonsfond gjeld følgjande:

a) Midlar kan kun plasserast i fond forvalta av selskap med brei verdipapirforvaltning og som er ein del av ein anerkjent institusjon/finanskonsern.
b) Fondets rentefølsemd kan ikkje overstige 2.
c) Fondet må plassere minst 90 % av forvaltningskapitalen i papir der utstedaren eller papiret sjølv har ein rating på minimum BBB- ("investment grade")
d) Ansvarlege lån frå finansinstitusjonar kan utgjere inntil 15 % av porteføljen, og finansinstitusjonane skal ha ein rating på minimum BBB+.
e) Samla gjennomsnittleg løpetid for kreditten (kredittdurasjonen) i eit enkelt obligasjonsfond skal ikkje overstige 5,0 år.

### 6.3 Felles plasseringsavgrensing

- Fylkeskommunen sitt samla innskot i bank/kredittinstitusjon skal ikkje overstige 2 % av institusjonen sin forvaltningskapital.
- Fylkeskommunen sin eigardel i eit pengemarknads-/obligasjonsfond skal ikkje overstige 5 % av fondet sin forvaltningskapital.
- Det skal ikkje vera avgrensingar på uttaksretten i fonda som nyttast, og midlane skal alltid vere tilgjengeleg på få dagar.

### 6.4 Rapportering

Fylkeskommunedirektøren skal i samband med tertialrapportering per 30. april og 31. august leggje fram rapportar for fylkestinget som syner status for forvaltninga av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål. I tillegg skal fylkeskommunedirektøren etter utgangen av året leggje fram ein rapport for fylkestinget som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapporten skal minimum innehalde følgjande:

- Fordeling på dei ulike plasseringsalternativ/typar aktiva i kroner (marknadsverdiar) og i prosent av dei samla midlane til driftsføremål.
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsrenter.
- Fylkeskommunedirektøren sine kommentarar knytt til samansetnaden, rentevilkår/avkastning, vesentlege marknadsendringar og endring i risikoeksponering.
- Fylkeskommunedirektøren si skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet

# 7. Forvaltning av fylkeskommunen sin låneportefølje og andre finansieringsavtaler

**7.1 Vedtak om opptak av lån**

Fylkestinget fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Vedtaket skal innehalde storleiken på låneopptaket.

Med grunnlag i fylkestinget sitt vedtak skal administrasjonen gjennomføra låneopptak og godkjenne lånevilkår. Forvaltninga av fylkeskommunen sine innlån skal elles skje etter dei retningslinjer som kjem fram av dette reglementet og i tråd med Kommunelova kapittel 14 om låneopptak.

Det kan utan nærare vedtak takast opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld.

**7.2 Val av låneinstrument**

Det kan berre takast opp lån i norske kroner.

Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, samt i livselskap. Det er også mogleg å legge ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden. Lån kan takast opp som opne seriar (rammelån) og utan avdrag (bulletlån).

**7.3 Tidspunkt for låneopptak**

Låneopptaka vert vurdert opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadstilhøve.

**7.4 Konkurrerande tilbod**

Gjeldande reglar for offentlege anskaffingar skal følgjast. Låneopptak skal søkast gjennomført til gunstigaste vilkår i marknaden.

For sertifikat- og obligasjonslån skal det normalt innhentast minst 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle långjevarar. Det kan gjerast unntak frå denne regelen ved rullering av sertifikat- og obligasjonslån der fylkeskommunen vel å gje ein tilretteleggjar eit eksklusivt mandat.

### 7.5 Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Gitt eit overordna ønske om føreseielegheit og stabilitet i låneutgiftene, skal styring av låneporteføljen skje innafor eit akseptabelt risikonivå ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode i høve forventningar om framtidig renteutvikling.

Forvaltninga skal leggjast opp i høve til følgjande;

a) Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreie tidspunkta for renteregulering/forfall.
b) Gjennomsnittleg attverande rentebinding (durasjon/vekta rentebindingstid) på samla renteberande gjeld skal til ein kvar tid vere mellom 1 og 4 år.
c) Halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variere mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje.
d) Den delen av låneporteføljen som har fast rente, bør fordelast i 1 til 10 års segmentet på ein slik måte at fylkeskommunen får lågast mogleg refinansieringsrisiko.

For å oppnå ønska rentebinding er det høve til å ta i bruk framtidige renteavtaler (FRA), rentebytteavtaler (SWAP) og kjøpte renteopsjonar. Rentesikringsinstrumenta kan nyttast med det føremålet å endre renteeksponeringa for fylkeskommunen si lånegjeld. Føresetnader for å gå inn i slike kontraktar skal være at ein totalvurdering av renteforventningar og risikoprofil på eit gitt tidspunkt, tilseier at slik endring er ønskjeleg.

Det er ikkje høve til å lausrive derivathandelen frå den øvrige finansforvaltninga, og berekningar under punkt b) skal inkludere FRA- og SWAP-kontraktar og eventuelle inngåtte opsjonsavtalar. Føremålet med kvar derivatkontrakt skal dokumenterast, og kontraktane skal knytast til underliggjande lån eller låneportefølje. Det skal kun nyttast større bankar med brei dokumentert erfaring innanfor dette området som motpart ved slike kontraktar.

### 7.6 Storleik på enkeltlån – spreiing av låneopptak og forfall

Forvaltninga skal leggjast opp i høve til følgjande;

a) Låneporteføljen skal omfatte færrast mogleg lån, likevel ikkje færre enn at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert avgrensa.
b) Ved nye låneopptak/refinansiering skal ikkje eit enkeltlån utgjera meir enn 10 % av den samla låneporteføljen.
c) Låneforfall som skal refinansierast, kan maksimalt utgjere 35 % av den samla låneporteføljen innanfor ein rullerande 12 månaders periode. Under elles like føresetnader er det føremålstenleg at låneopptaka vert delt på fleire långjevarar.

### 7.7 Rapportering

Fylkeskommunedirektøren skal, i samband med tertialrapportering per 30. april og 31. august leggje fram rapportar for fylkestinget som syner status for gjeldsforvaltninga. I tillegg skal fylkeskommunedirektøren etter utgangen av året leggje fram ein rapport for fylkestinget som syner utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

For gjeldsforvaltninga skal følgjande rapporterast:

- Opptak av nye lån.
- Om det er inngått avtalar om FRA, SWAP eller renteopsjonar i førre kvartal.
- Refinansiering av eldre lån.
- Samansetnaden av låneporteføljen fordelt på ulike typar passiva (i NOK og %).
- Løpetid for passiva og gjennomsnittleg rentebinding.
- Verdien av lån som kjem til forfall og må refinansierast innan 12 månadar.
- Eigne rentevilkår samanlikna med marknadsvilkår (benchmark [4]).
- Fylkeskommunedirektøren sine kommentarar knytt til endring i risikoeksponering, attverande rentebinding og rentevilkår i høve til fylkeskommunen sin økonomiske situasjon og situasjonen i lånemarknaden, samt føreståande finansierings-/refinansieringsbehov.
- Fylkeskommunedirektøren si skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet.

# 8. Forvaltning av fylkeskommunen sine langsiktige finansielle aktiva

### 8.1 Føremål

Forvaltning av fylkeskommunen sine langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikre ein langsiktig avkastning som kan bidra til å gi innbyggarane eit godt tenestetilbod. Det vert styrt etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samtidig som ein søkjer ein rimeleg årleg bokført avkastning.

### 8.2 Investeringsrammer

Vestland fylkeskommune har ikkje rammer for plassering av langsiktige finansielle aktiva.

Dersom fylkeskommunen på eit framtidig tidspunkt har som føremål å etablere forvaltning av langsiktige finansielle aktiva, vil dette finansreglementet bli oppjustert med naudsynte og tilstrekkelige rammer og retningslinjer for slik forvaltning. Rammene og retningslinene skal fastsettast av fylkestinget før oppstart av forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

[4] *Benchmark:* Samanlikningsgrunnlag

# 9. Etiske retningslinjer

Dei retningslinjene som til ein kvar tid gjeld for Statens Pensjonsfond Utland, skal vere retningsgivande for Vestland fylkeskommune sin etiske handtering av kapitalforvaltninga.

Desse retningslinjene inneber blant anna at selskap som produserer særleg inhumane våpen skal stengjast ute frå porteføljen. Vidare skal selskap stengjast ute dersom det er openbar uakseptabel risiko for at fylkeskommunen gjennom sine investeringar medverkar til:

- Grove eller systematiske krenkingar av menneskerettar, som for eksempel drap, tortur, fridomsrøving, tvangsarbeid, barnearbeid.
- Alvorlig krenking av individet sine rettar i krig eller konfliktsituasjonar, alvorlig miljøskade, handlingar eller unnlatingar som på eit aggregert selskapsnivå i uakseptabel grad fører til utslepp av klimagassar, grov korrupsjon og andre særlige grove brot på grunnleggjande etiske normer.

Vestland fylkeskommune skal ikkje plassere kapital i kol-selskap, eller i fond som

på plasseringstidspunktet har midlar i kol-selskap. Med kol-selskap er det meint

kolgruveselskap og kolkraftproduksjonselskap som har meir enn 5 prosent av inntektene frå kolbasert verksemd.

Vestland fylkeskommune vil sjå til at samarbeidande forvaltarar er informert om både forvaltningsrammer og etiske retningslinjer i fylkeskommunen sitt Reglement for finans- og gjeldsforvaltninga. Det er fylkeskommunen sitt mål at kapital ikkje vert plassert i selskap med ein uakseptabel etisk profil, og at det derfor vil bli valt forvaltarar som tek omsyn til dei etiske sidene ved utveljing av sine investeringar.

Dersom fylkeskommunen blir gjort merksam på at det hos ein forvaltar er plasseringar i selskap med ein uakseptabel etisk profil, skal dette takast opp til diskusjon med forvaltaren med sikte på at nemnte plasseringar gjort av forvaltaren, vert avslutta, eller at fylkeskommunen trekker seg ut av det aktuelle produktet hos forvaltaren.

# 10. Konstatering av avvik, vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

**10.1 Konstatering av avvik**

Ved konstatering av avvik mellom faktisk finans- og gjeldsforvaltning og finansreglementet sine rammer, skal avviket utan opphald rettast opp.

Avviket, og eventuelt økonomisk konsekvens av avviket skal rapporterast til fylkestinget. Det skal samstundes gjerast framlegg om endringar i rutinane som venteleg vil redusere risikoen for slike avvik i framtida.

### 10.2 Risikovurdering

Ved kvar rapportering til fylkestinget skal det gjerast risikovurderingar i høve renterisikoen på plasseringar av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål og låneporteføljen sett i samanheng, dvs. ei "netto" gjeldsvurdering som syner fylkeskommunen sin renterisiko i NOK ved ein generell endring i renta på 1 % -poeng.

### 10.3 Kvalitetssikring

Finansforskrifta krev at uavhengig kompetanse skal vurdere om finansreglementet er i tråd med kommunelova sine reglar og reglane i finansforskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdere rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekke avvik frå finansreglementet.

Fylkeskommunedirektøren har ansvaret for at slike eksterne vurderingar vert innhenta og lagt fram for fylkestinget.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal gjerast ved kvar endring av reglementet, og før fylkestinget vedtek nytt, endra finansreglement. Det skal samstundes rapporterast på gjennomført kvalitetssikring av tilhøyrande rutinar.

# Vedlegg

## Definisjonar

**Finansiell risiko:** Finansiell risiko er usikkerheit om den framtidige verdien av plasseringa eller forpliktinga i forhold til verdien på plasseringstidspunktet eller tidspunktet for avtaleinngåing. Det er ulike typar finansiell risiko. Den finansielle risikoen som ligg i eit verdipapir, vil som regel bestå av fleire typar risiko samtidig. Døme på ulike typar finansiell risiko er:

> **Kredittrisiko:** Kredittrisiko representerer risikoen for at motparten i ein kontrakt, til dømes ein låntakar eller motparten i ein derivatkontrakt, ikkje innfrir sine forpliktingar. Eksempelvis at motparten i ein låneavtale eller ein seljar av ein obligasjon ikkje betalar tilbake heile eller delar av lånet (inkludert rentene).
>
> **Renterisiko:** Renterisiko representerer risikoen for at verdien på plasseringa i renteberande verdipapir endrar seg når renta endrar seg. Går renta opp, går verdien av plasseringar i renteberande verdipapir ned (og motsett). Det er også renterisiko knytt til innlån. Endring i marknadsrenta påverkar rentekostnadar.
>
> **Refinansieringsrisiko:** Risikoen for at ein ikkje klarar å innfri sine forpliktingar ved forfall utan at det oppstår store kostnadar i form av dyr refinansiering eller behov for førtidig realisering av eigedelar. I verste fall er refinansieringsrisiko risikoen for at ein ikkje klarar å refinansiere seg i tilstrekkeleg grad til å møte forpliktingar ved forfall.[5]

[5] Høyringsforslag til endring i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finans- og gjeldsforvaltning

**Finansielle instrument:** finansielle instrument er eit samleomgrep på dei eigendelar og forpliktingar som vert omsett i verdipapirmarknaden, derivatmarknaden og dels i valutamarknaden, og som er nærare definert i verdipapirhandellova.[6]

**Derivat:** Ein finansiell kontrakt der verdien avheng av verdien til ein underliggande variabel på eit framtidig tidspunkt. Opsjonar, rentebyteavtale og framtidig renteavtale er døme på derivat.[7]

**Pengemarknadsfond:** Eit pengemarknadsfond er eit rentefond som investerer i renteberande verdipapir med løpetid inntil eit år, dvs. hovudsakeleg sertifikat, obligasjonar med under eitt års attverande løpetid, og bankinnskot.[8]

**Obligasjonsfond:** Obligasjonsfond er eit rentefond som investerer i obligasjonar, dvs. fordringar med løpetid lenger enn eitt år[8].

**Kredittrating/kredittvurdering:** Rating betyr rangering og vert nytta til å rangere kredittkvaliteten på eit gjeldsinstrument. Internasjonalt er det eigne ratingbyrå som gjennom grundige analyser utarbeider slike ratingar. Dei mest kjende er Standard & Poors (S&P) og Moodys[8].

**Kredittdurasjon:** Durasjon angir kor lang tid det er til rentepapir i eit rentefond (fellesbetegnelse på pengemarknads- og obligasjonsfond) forfell[9].

**Rentefølsemd:** Seier noko om kor mykje kursen på eit rentefond vert endra ved ein renteendring på eitt prosentpoeng. Rentefølsemda i eit rentefond gir uttykk for den umiddelbare prosentvise endringa i fondet sin netto andelsverdi, viss effektiv rente for alle verdipapira som inngår i fondet si porefølje vert endra med eitt prosentpoeng. Eit fall i rentenivået aukar rentefondet sin netto andelsverdi, medan ein auke i rentenivået reduserer rentefondet sin marknadsverdi. Viss fondet har høg rentefølsemd vil eit fall i rentenivået gi ein relativt sterk auke i netto andelsverdi og motsett[9].

**Sertifikat:** Sertifikat er renteberande papir til liks med obligasjonar. Skilnaden er at sertifikata har maksimal løpetid på eitt år[9].

**Obligasjon:** Ein obligasjon er eit renteberande, omsetteleg verdipapir, vanlegvis lagt ut som eit standardisert lån i ein organisert marknad, med lenger løpetid enn eitt år ved utlegging.[8]

**Framtidig renteavtale (FRA)**: Ein FRA er ein avtale mellom to partar om å fastlåse rentesatsen på eit framtidig lån eller plassering[8].

**Renteopsjon:** Ein renteopsjon gir kjøparen ein rett, men ingen plikt, til å akseptere ei på førehand avtala rente på lån og innskot. Det betyr at kjøparen kan bestemme seg for å velje marknadsrente eller opsjonsrente avhengig av kva som er mest fordelaktig[10].

**Renteswap(rentebyteavtale):** Ein renteswap er ein avtale mellom to partar om å byte rentevilkår (og rentebetalingar), normalt fast rente mot flytande rente i same valuta med referanse til ein felles nominell hovudstol til fastsette vilkår i eit nærare avgrensa tidsrom. Normalt vil referansestorleiken vere ei fast rente, medan motparten si yting bereknast på grunnlag av ei flytande rente.[11]

**Stresstest:** test for å måle effekten på ei portefølje ved hjelp av førehandsdefinerte marknadssjokk[8].

---

[6] https://www.finansnorge.no/tema/kapitalforvaltning/finansielle-instrumenter/
[7] http://www.norges-bank.no/Ord-og-uttrykk/
[8] Kommunal finanshåndbok
[9] https://www.spv.no/bedrift/plassere-og-investere/fond/avkastning-og-risiko
[10] https://www.dnb.no/bedrift/markets/valuta-renter/valuta-og-rentesikring/merinfo/renteopsjoner.html
[11] http://www.skatteetaten.no/en/Radgiver/Rettskilder/Handboker/lignings-abc/kapitler/f/?mainchapter=168162

# Reglement for delegering til Fylkeskommunedirektøren

Fylkeskommunedirektøren kan ikkje treffe vedtak i saker som har prinsipiell betydning, jf. kommunelova § 13-1 (6).

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ta avgjerd i følgjande saker:

## 1. Økonomi

**1.1. Sjå Reglement for økonomiforvaltninga punkt 4,6 og 7.**

**1.2. Bygg- og eigedomsforvaltning**

Bygging

- gjennomføring av fylkeskommunale byggeprosjekt og tilsyn med at dette vert gjort i samsvar med eit kvart politisk vedtak og prosjektstyringssystem i VLFK.
- val av rådgjevar, entreprenør og leverandør

Forvaltning, drift og vedlikehald

- inngå avtaler om leige og utleige av fast eigedom som ikkje er av langsiktig (15 år eller meir) eller vesentleg (5 mill. i årleg leige) verdi
- erstatningssaker innanfor fylkeskommunen sitt forsikringsfond
- fordeling av løyvingar til ekstraordinært vedlikehald av bygningsmassen
- fordeling av rammeløyvingar til ombyggingsarbeid
- godkjenne utrangering, kassasjon og avhending av inventar og utstyr når det er dokumentert at det
  ikkje kan gjerast nytte av det
- val av leverandør ved utstyrskjøp og kjøp av tenester

Andre oppgåver

- tilsynsansvar for fylkeskommunen sin bygningsmasse
- forsikringsordningar for fylkeskommunale bygg og utstyr

- mindre bygg- og grunnavståing og/eller arrondering av liten verdi

**1.3. Samferdsel og mobilitet**

Gjennomføre tilbodsevaluering, tildele og inngå buss-, bybane-, snøggbåt- og ferjekontraktar i dei tilfella kor fylkestinget eller fylkesutvalet har vedteke at konkurranse skal nyttast, jf. yrkestransportlova § 8, under føresetnad av at kontraktsverdi/kostnadsramme ikkje medfører vesentleg kostnadsauke, og i tråd med punkt 1.1 i reglement for økonomiforvaltninga.

Før kontraktsinngåing og igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner, skal prosjektet leggjast fram for fylkesutvalet til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

# 2. Personalforvaltning

2.1 Oppretting, nedlegging og omgjering av stillingar innanfor vedteke budsjett med unntak for stillingar i sekretariat for kontrollutvalet.

2.2 Omplassering av personale innan og mellom fylkeskommunale einingar, med unntak for sekretariat for kontrollutvalet. For personale i sekretariat for kontrollutvalet skjer omplassering i samarbeid mellom fylkeskommunedirektøren og kontrollutvalet.

2.3 Overføring av overtalig personale innan og mellom fylkeskommunale einingar, med unntak for sekretariat for kontrollutvalet. For personale i sekretariat for kontrollutvalet skjer overføring i samarbeid mellom fylkeskommunedirektøren og kontrollutvalet.

2.4 Søknader om redusert arbeidstid med unntak for sekretariat for kontrollutvalet.

2.5 Alle tilsetjingar med unntak av sekretariat for kontrollutvalet, jfr. forskrift om kontrollutval § 8.

2.6 Oppseiing, suspensjon og avskil for tilsetjingar under punkt 2.5.

2.7 Søknader om permisjon med unntak for sekretariat for kontrollutvalet.

2.8 Lønsfastsetjing etter tingingar/drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane, jfr. hovudavtalen, der fylkeskommunedirektøren har tilsetjingsmynde, jfr. pkt. 2.5.

2.9 Fylkeskommunedirektøren har det totale personalansvar, og tek avgjerd i alle saker elles som ikkje er lagt til anna organ.

2.10 Mynde til å tilsetje, seie opp, suspendere, gi avskil og fastsetje løna til toppleiarane kan ikkje delegerast vidare.

# 3. Delegering på vegsektoren og utbygging av bybanen

**3.1. Økonomi**

3.1.1 Rekneskap

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å setje av midlar til disposisjonsfond for bruk i seinare år.

3.1.2. Kontraktar

Investeringsprosjekt

Fylkesvegprosjekt under kr 250 mill. kroner

- Lyse ut og inngå avtalar om fylkesvegprosjekt under 250 mill. kroner, jamvel om løyvingane strekkjer seg over fleire budsjettår

Fylkesvegprosjekt over 250 mill. kroner

- Før kontraktsinngåing og igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner, skal prosjektet leggjast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

Driftskontraktar

- Lyse ut og inngå fleirårige driftskontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fullmakta gjeld også andre fleirårige kontraktar innanfor drift og vedlikehald.

  Før kontraktsinngåing og igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner, skal prosjektet leggjast fram for fylkesutvalet til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

### 3.2. Kjøp og sal av eigedom

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjennomføre kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar og utbygging av bybanen.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å representere fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar og utbygging av bybanen.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å inngå avtaler om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn og fylkeskommunale bybanetrasear.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å krevje betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn og fylkeskommunale bybanetrasear.

# 4. Gjeremål fastsett i særlov

Mynde fastsett i *Reglement for delegering etter særlov*.

# 5. Utanrettslege pengekrav

Betaling av pengekrav, inkludert erstatning, og ettergjeving av fylkeskommunale krav i enkeltsaker for beløp under kr 1 000 000,-, og avslag på krav om betaling.

# 6. Mynde til å skrive under avtalar/kontraktar

Fylkeskommunedirektøren skriv under avtalar/kontraktar som fell inn under eige ansvarsområde.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å underskrive på vegner av fylkeskommunen alle avtalar/kontraktar som har grunnlag i vedtak fatta i fylkeskommunale organ.

# 7. Mynde som underinstans

Der fylkeskommunedirektøren har fått delegert mynde til å fatte vedtak, har fylkeskommunedirektøren og mynde som underinstans i klagesaker med unntak for saker nemnd i *Reglement for fylkesutvalet* pkt. 2.3.

# 8. Mynde til å handtere ein krisesituasjon

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å handtera ein krisesituasjon. Etter at krisa er over,

vert det lagt fram ei sak til politiske organ der det vert gjort greie for tiltaka som vart sette i verk og dei økonomiske følgjene av krisehandteringa.

# 9. Bruk av delegert mynde

Melding om korleis delegert mynde er nytta i større og vesentlege saker skal gjevast til fylkesutvalet.

# Delegering etter særlov

Fylkeskommunen sitt mynde etter særlover vert delegert slik:

## 1. Lov om taubaner og løypestrenger av 14.6.1912 nr. 1.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale til søknader om anlegg av taubaner, under dette skitrekk.

## 2. Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 01.06.1917 nr. 1

§§ 4 og 32 jfr. § 48

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å krevje skjønn, overskjønn eller takst.
Fylkeskommunedirektøren har mynde til å engasjere juridisk bistand.

§ 14

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå valnemnda, å nemne opp skjønnsutval.

## 3. Lov om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m.v. (industrikonsesjonsloven) av 14.12.1917 nr. 16

§ 24

Hovudutval for næring har mynde til å gje uttale i saker om søknad om konsesjon.

## 4. Lov om vassdragsreguleringer av 14.12.1917 nr. 17

§ 12.

Hovudutval for næring har mynde til å gje uttale i saker om vassdragsregulering, under dette også konsesjonssøknader.

§ 14

Fylkesutvalet har, etter innstilling frå hovudutval for næring, mynde til å disponere midlar opparbeidde i vassdragsreguleringsfondet.

## 5. Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr av 24.05.1929 nr. 4 med forskrifter

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ivareta fylkeskommunen sitt mynde etter lova.

## 6. Lov om tinglysing av 07.06.1935 nr. 2

§ 6

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å krevje tinglyst dokument som gjeld grunnerverv til fylkesveganlegg.

§ 38 bokstav b

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å bekrefte eigarforhold til veggrunn ved eigenerklæring.

## 7. Lov om friluftslivet av 28.06.1957 nr. 16

§ 22

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har mynde å fremje friluftsformål i fylket.Fylkesutvalet har mynde til å opptre, klage og i tilfelle reise søksmål for å ivareta ålmenta sine interesser i alle saker av interesse for friluftslivet.

§ 24, 5. ledd

Fylkesutvalet har mynde til å bringe inn for departementet fylkesmannen sine vedtak etter §§ 2, annet ledd, 3, tredje ledd, 3 a, annet ledd, 15 og 16.

*Forskrift om fylkeskommunens sine oppgaver innenfor friluftslivsområdet av 30.09.2019 nr. 1310*

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å opptre på vegner av fylkeskommunen.

## 8. Lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959 nr. 3

§ 25

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å søkje om førehandstiltreding.

## 9. Lov om rettshøve mellom grannar av 16.06.1961 nr. 15 og lov om grannegjerde av 05.05.1961.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å handle på vegner av fylkeskommunen i saker etter denne lova.

I saker med vesentlege kryssande interesser mellom fylkeskommunen som eigedomshavar og som offentleg planstyresmakt er det likevel fylkesutvalet som har mynde til å ta avgjerd.

## 10. Lov om mineralvirksomhet på kontinentalsokkelen (havbunnsmineralloven) av 22.03.2019 nr. 7

§ 10-2

Hovudutval for næring har mynde til å tildele løyve til undersøking eller utvinning av skjelsand, sand og grus i området nemnt i § 10-1.

## 11. Veglov av 21.06.1963 nr. 23

§ 3

Fylkesutvalet har mynde til å gje uttale i saker om å ta opp fylkesveg, kommunal veg eller privat veg som riksveg.

§ 4

Fylkesutvalet har mynde til å ta opp kommunal eller privat veg som fylkesveg.

§ 7

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, å uttale seg om omgjering av riksveg eller å gjere vedtak om nedlegging eller omgjering av fylkesveg.

§ 8 jfr. § 7

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å omdisponere mindre parsellar av fylkesveggrunn som er blitt til overs ved omleggingsarbeid m.v.

§ 9

Fylkesutvalet har mynde som vegstyresmakt for fylkesvegar, dersom mynde ikkje i reglementet er lagt til andre.

§ 15

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å fastsetje at vedkomande kommune skal syte for eigedomsinngrep etter §§ 49 og 50, jfr. § 60, og for å få gjort arbeidet på fylkesvegstrekningar som ligg i kommunen.

§ 18

Fylkesutvalet kan fastsette at fylkesvegstrekningar i ein kommune skal haldast ved like av kommunen.

§20.2.ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde etter § 20, 2. ledd, til å kunne inngå semje med ein kommune om at fylkeskommunen skal ta heile eller delar av kostnaden med planlegging, bygging og utbetring av kommunal veg i tilknyting til fylkesveg.

§27

Fylkesutvalet har mynde til å gjere fylkeskommunalt prinsippvedtak om bompengeprosjekt.

Fylkesutvalet har mynde til å fastsetje bompengetakster for fylkesvegprosjekt etter første til tredje ledd.

§ 29

Fylkeskommunedirektøren har mybde til å fastsetje byggegrenser etter § 29.

§ 30

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gi løyve til tiltak etter § 30.

§ 31

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å krevje fjerning av vegetasjon innanfor byggjegrense, fastsetje vederlag og syte for at arbeidet blir gjort.

§ 32

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gi særskilt løyve til plassering av alle tiltak som leidning m.m over, under, langs veg meir enn 3 meter, men ikkje større enn byggjegrense for den aktuelle vegen.

§33

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ta avgjerd etter § 33.

§ 34

Fylkeskommunedirektøren kan gi særskilte mynde til å gi løyve til endring av byggverk eller anna innretning som heilt eller delvis er plassert i strid med denne lova.

§36

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ta avgjerd etter § 36 første ledd.

§37

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ta avgjerd etter § 37 første ledd.

§ 38

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å leggje ned byggjeforbod i område for planlagt veg og forlenge fristen for når forbodet skal falle bort.

§ 40

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gi løyve til avkøyrsle frå fylkesveg, når det ikkje ligg føre reguleringsplan eller avkjøyrsle ikkje er vist i gjeldande plan.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å krevje at avkøyrsle frå fylkesveg skal byggast etter ein plan som han godkjenner.

§ 41

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å påby avkøyrsle frå fylkesveg flytte eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkøyrsle.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å krevje vederlag for naudsynte utgifter til flytting eller endring av lovleg avkøyrsle.

§42

Fylkeskommunedirektøren har mynde til ta avgjerd etter § 42 første ledd for fylkesvegar.

§43

Fylkeskommunedirektøren har mynde til ta avgjerd etter § 43 første, andre og tredje ledd for fylkesvegar.

§ 44

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å krevje at eigar eller brukar av grunn ved vegen skal flytte eller endre gjerdet mot vederlag.

§ 45

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å fastsetje plassering av gjerde.

§ 47

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å syte for at gjerde blir flytta, rive, endra eller sett i stand når det er oppsett eller innretta i strid med det som er fastsett i eller med heimel i § 45.

§ 48

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gi vedtak til løyve og påbod om fjerning av ferist eller grind etter 48.

§ 50

Fylkeskommunedirektøren er vegstyresmakt etter denne paragrafen om eigedomsinngrep mot vederlag etter skjønn.

§51

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak etter § 51 første ledd for fylkesvegar.

§ 57

Fylkeskommunedirektøren er vegstyresmakt etter denne paragrafen om løyve til inngrep på eller nær eigedomsområdet til offentleg veg.

§ 65

Fylkeskommunedirektøren er vegstyresmakt etter § 65.

## Klage

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker der det er klaga over vedtak gjort i medhald av veglova og der fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans.

Forskrifter

*Forskrift om anlegg av offentlig veg av 29.03.2007 nr. 363*

Der forskrifta plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkeskommunedirektøren mynde til å opptre på vegner av fylkeskommunen, med unntak av:

§ 3. Vegnormaler pkt. 4.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet har mynde til å fråvike vegnormalane når det gjeld «skal

- krav» av prinsipiell betyding.

*Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse tunneler på fylkesvegnettet og kommunalt vegnett i Oslo (tunnelsikkerhetsforskrift for fylkesveg m.m.) av 2014-10-12 nr.1566*

Der forskrifta plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkeskommunedirektøren mynde til å opptre på vegner av fylkeskommunen.

## 12. Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven) av 18.06.1965 nr. 4

§ 40 a.

Trafikktryggingsutvalet har ansvar for å tilrå og samordna tiltak for å fremja trafikktryggleiken i fylket.

Sjå eige reglement for trafikktryggingsutvalet.

## 13. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.06.1977 nr. 82

§ 5

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale til utkast til forskrift om landing og start med luftfartøy på bestemte stader i utmark og vassdrag, og om bruk av motorfartøy på innsjøar mindre enn 2 kvadratkilometer når det ligg føre særlege grunnar.

## 14. Lov om kulturminne av 09.06.1978 nr. 50

Jfr. Forskrift 15.02.2019 nr. 127 om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminnelova.

§ 3, andre ledd første punktum

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å avgjere at marka over eit automatisk freda kulturminne ikkje skal kunna nyttast til beite vidare.

§ 3, andre ledd andre punktum

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å avgjere om pløying og anna jordarbeid djupare enn tidlegare kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

§ 6

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å fastsetje sikringssone.

§ 8

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne.

§ 9 andre ledd første og tredje punktum

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ta imot planar om, forlenge uttalefrist og gje uttale om tiltak som kjem inn under reglane om undersøkingsplikt.

§ 11 første ledd bokstav a

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å søke etter, registrere, vedlikehalde mv. automatisk freda kulturminne.

§ 11 første ledd bokstav b

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å avgjere om det skal gjennomførast tiltak som nemnt.

§ 13 andre ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ta imot meldingar om funn av lause kulturminne.

§ 14 andre ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å grave fram, flytte, granske og ta opp skipsfunn mv. som nemnt i

§ 14 første ledd, til å setje i verk andre tiltak for å verne eller ta hand om dei, og til å gi løyve til eigaren eller andre om å setje i verk slike tiltak, eller andre tiltak som kan skade dei.

§ 14 tredje ledd første punktum

Fylkeskommunedirektøren har løyve til å ta imot melding om skipsfunn.

§ 15 og § 19

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å varsle oppstart av fredingssaker.

§ 15a, jf. § 14a tredje ledd andre punktum og § 22a andre ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til i særlege tilfelle å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsreglar som ikkje fører til vesentlege inngrep i det freda kulturminnet/området.

§ 16

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gi pålegg om utbetring etter skade på freda byggverk eller anlegg, og til å la arbeidet utførast på eigars eller brukars kostnad dersom pålegget ikkje vert etterkome.

§ 17

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å undersøkje frede byggverk som står i fare for å forfalle grunna manglande vedlikehald, og til å gje pålegg til eigar eller brukar om tiltak for å motverke forfallet.

§ 18 første ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å avgjere at freda byggverk mv. som er skada ved brann eller annan ulukke, skal setjast i stand eller gjenreisast.

§ 18 andre ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å avgjere at forsikringssummen ikkje skal betalast ut før saka etter første ledd er avgjort.

§ 19 tredje ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til i særlege tilfelle å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet/området.

§ 20 tredje ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til i særlege tilfelle å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda området.

§ 21

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjennomføra skjøtsel i område freda etter §§ 19 og 20.

§ 22

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har mynde til å gje uttale i saker om endeleg freding.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjera vedtak om mellombels freding og til å oppheve vedtak om mellombels freding.

§ 25

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ta imot melding, søknad, og vedtak om riving eller vesentleg endring av ikkje freda byggverk eller anlegg oppført før 1850.

*Forskrift 09.11.2011 nr. 1088 om kulturhistoriske eigedomar*

§ 1-4

Fylkeskommunedirektøren har mynde til i særlege tilfelle å gjere unntak frå fredinga og fredingsføresegnene for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i kulturminnet

## 15. Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) av 13.03.1981 nr. 6

§ 81

Fylkesutvalet har mynde til å gjere enkeltvedtak i saker der fylkeskommunen er forureiningsstyresmakt.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale i konsesjonssaker.

## 16. Lov om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosessloven) av 22.05.1981 nr. 25

§ 3, jf. §§ 1 og 2, jf. kap. 29

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å krevje offentleg påtale og fremje sivile krav

i saker som gjeld brotsverk mot fylkeskommunal eigedom og inventar.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å krevje offentleg påtale av tilsette. Dette mynde kan ikkje vidaredelegerast.

Fylkesordføraren har mynde til å krevje offentleg påtale og fremje eventuelle sivile krav for andre lovbrot enn dei som er nemnd over.

§ 81 a, andre ledd

Fylkesordførar har mynde til å begjære påtale når påtale er avhengig av begjæring frå særskild myndigheit.

§ 434

Den som har fremja sivile krav, har òg mynde til å krevje ny behandling.

§ 435

Den som har fremja sivile krav etter straffeprosesslova, har òg mynde til å inngi særskild anke etter tvisteloven sine reglar. Det same gjeld begjæring om gjenopning.

## 17. Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) av 29.05.1981 nr. 38

§ 21, 2. ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til for bestemte område og tidsrom å auke eller minske avstanden på 2 km frå land, under dette også holmar og skjær, der det er forbode å drive jakt frå motorbåt eller anna flytande eller svevande fartøy drive med motor.

§ 51, 1. ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å godkjenne fastsetjing av skotpremie.

*Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktsesongene* 1. april 2017 til og med 31. mars 2022

§ 3

Fylkesutvalet har mynde til å fastsetje forskrifter om utvida eller innskrenka jakttid for elg og hjort, og å opne for eller utvide jakt på kanadagås og stripegås.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å avstå frå høyring på endring når det ikkje er grunnlag for det.

## 18. Lov om tannhelsetjenesten av 03.06.1983 nr. 54

§ 2-3

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker.

§ 4-2

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å inngå avtalar med privatpraktiserande tannlegar.

## 19. Lov om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven) av 08.06.1984 nr. 58

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å krevja at buet til ein skuldnar vert teke under konkursbehandling.

Vil konkursen føra til tap av arbeidsplassar, skal saka likevel leggjast fram for hovudutval for næring til avgjerd.

## 20. Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108

§ 6

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har mynde til å inngå avtalar om felles bibliotekdrift og lånesamarbeid med ein eller fleire kommunar.

## 21. Lov om stadnamn av 18.05.1990 nr. 11

§ 5

Fylkesutvalet har mynde til å gjere vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale vegar, anlegg o.l.

§ 6

Fylkesutvalet har mynde til å gje uttale i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune.

§ 10

Fylkesutvalet har mynde til å klage på vedtak om skrivemåten.

## 22. Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) av 29.06.1990 nr. 50.

§ 2-1

Fylkesutvalet har mynde til å gje uttale til meldingar med konsekvensutgreiingsprogram og konsesjonssøknader.

Fylkeskommunedirektøren har delegert mynde til å gje uttale i enkle og uproblematiske saker. Fylkeskommunedirektøren har mynde til å til å trekkje seg frå inngått avtale.

## 23. Lov om laksefiske og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr. 47.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ta avgjerd i saker som ved forskrifter til denne lova er lagt til fylkeskommunen å ta avgjerd i.

## 24. Lov om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) av 26.06.1992 nr. 86.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å setje i verk dei tiltak tvangsfullbyrdingslova heimlar når det gjeld sikring og inndriving av uteståande pengekrav, og å fullbyrda krav og rettar som gjeld anna enn betaling av pengar. Han har og mynde til å kaste ut leigetakar når leigetida er ute eller leigesummen ikkje er betalt i rett tid.

Fylkesutvalet har mynde til å nytte anke, krevje oppfrisking, krevje saka teken opp på ny eller å nytte andre rettsmiddel.

Fylkeskommunedirektøren har mynde i kurante saker til å nytte dei rettsmidlane som er nødvendige for å få fullbyrda saka.

## 25. Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m. (jernbaneloven) av 11.06.1993 nr. 100

§ 7, 2. ledd

Fylkesutvalet har mynde til å fastsetje transportvilkår når fylkeskommunen gir tilskot til lokal jernbane i fylket.

§ 8 d

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å krevje informasjon om tilsette i verksemda som driv transporten.

## 26. Lov om opplæring av 17.07.1998 nr. 61

§ 1-5

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å søkje om løyve til at det vert gjort avvik frå lova og forskriftene etter lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk. Søknader om forsøk som inneber avvik frå vedtekne budsjettrammer eller vedteken tilbodsstruktur skal godkjennast av Hovudutval for opplæring og kompetanse.

§ 3-1

Hovudutval for opplæring og kompetanse har mynde til årleg å vedta tilbodet om vidaregåande opplæring i fylket innanfor den økonomiske ramma som er vedteken av fylkestinget.

§ 3-1, første ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ta inn elevar til vidaregåande opplæring, jf. også forskrift til opplæringslova kap. 6.

§ 3-1, femte ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å fatte vedtak om at elev som etter reglane i kap. 5 har rett til spesial- undervisning kan få vidaregåande opplæring i ytterlegare 2 år når eleven etter sakkunnig vurdering treng det.

§ 3-1, sjuande ledd

Fylkeskommunedirektøren skal tilby anna opplæring dersom ein elev eller ein lærling har særlege vanskar med å følgje den opplæringa som er vald.

§ 3-1, niande ledd

Fylkeskommunedirektøren kan påleggje elevane, lærlingane og lærekandidatane å dekkja utgifter så langt det følgjer av forskrift og å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.

§ 3-1, tiande ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 opplæring etter § 4A-3 i staden når det ligg føre særlege grunnar.

§ 3-2, tredje ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje forskrifter om skule- og feriedagar i skuleåret for elevane.

§ 3-3, fjerde ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å godkjenne lærekontrakt eller opplæringskontrakt som inneheld unntak frå den fastsette opplæringsordninga for den delen som gjeld opplæring i bedrift.

§ 3-3, femte ledd

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å utarbeide tilbod om opplæring i skule når det ikkje kan formidlast opplæring i bedrift.

§ 3-3, sjette ledd

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å utarbeide tilbod om teoriopplæring for lærlingar og lærekandidatar når dei ikkje kan få det i bedrift.

§ 3-4, siste ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å søkje om løyve til avvik frå forskrifter om læreplanar etter uttale frå skuleutvalet.

§ 3-5

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å avgjere om den praksisen som kandidaten viser til, kan godkjennast. Fylkeskommunedirektøren har mynde til å godkjenne kortare praksis i særlege tilfelle.

§ 3-6

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å organisere tenesta.

§ 3-9

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om vidaregåande opplæring i og på teiknspråk når eleven etter sakkunnig vurdering har behov for det.

§ 3-10

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om opplæring i punktskrift og i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel, og i å ta seg fram på, til og frå skulen og i heimemiljøet når eleven etter sakkunnig vurdering har behov for det.

§ 3-12

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar og gjere vedtak om opplæring i særskilt organisert tilbod.

§ 4-3, første ledd, jfr. siste ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å godkjenne lærebedrifter og gjera vedtak om tap av godkjenning.

§ 4-3, andre ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å godkjenne opplæringskontor eller opplæringsring som inngår i opplæringskontor.

§ 4-4, fjerde ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å behandle melding frå bedrifter som ikkje kan gje lærlingen tilfredsstillande opplæring.

§ 4-5, andre ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å godkjenne lærekontakt og opplæringskontrakt.

§ 4-6, første ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å samtykke i endring av lærekontrakt eller opplæringskontrakt.

§ 4-6, tredje og fjerde ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å samtykke i heving av lærekontrakt, kontrakt om fagbrev på jobb eller opplæringskontrakt, og avgjere når læreforholdet skal ta slutt.

§ 4-6, sjette ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å samtykke i at læretida kan avbrytast i samband med permisjon.

§ 4-6, sjuande ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om forlenga kontrakttid i inntil eitt år i ny lærebedrift.

§ 4-7

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å behandle saker om internkontroll i lærebedrift.

§ 4-8, første ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å behandle fylkeskommunen sine oppgåver knytte til fagopplæringa, med unntak av der mynde er lagt til andre.

Fylkeskommunedirektøren skal i samband med godkjenning av lærebedrifter drive rettleiing og oppfølging, samt kontroll av at den enkelte lærebedrift fyller krava for å få godkjenning.

§ 4-8, andre ledd

Fylkeskommunedirektøren skal leggje fram saker som har betyding for fag- og yrkesopplæringa for yrkesopplæringsnemnda, før fylkeskommunen gjer vedtak i slike saker.

§ 4-8 tredje ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å skrive ut fag- og sveinebrev på grunnlag av bestått prøve, samt kompetansebevis for opplæring som er gjennomført.

§ 4-8, fjerde ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å godkjenne praksis for kandidatar som melder seg til fagprøve eller sveineprøve utan læretid.

§ 4-8, siste ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til, etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda, å nemne opp ei eller fleire prøvenemnder. Fylkeskommunedirektøren kan eventuelt nemne opp prøvenemnder i samarbeid med andre fylkeskommunar.

§ 4 A-1

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å tilby grunnskoleopplæring til søkjarar som har rett til opplæring etter § 3-1, men som har behov for meir grunnskoleopplæring.

§ 4A-3, første ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ta inn vaksne elevar til vidaregåande opplæring.

§ 4A-3, fjerde ledd

Fylkeskommunedirektøren kan påleggje vaksne som får vidaregåande opplæring å dekkja utgifter så langt det følgjer av forskrift, og å halda seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.

§ 4A-3, sjette ledd

Fylkeskommunedirektøren skal gje kompetansebevis på grunnlag av realkompetansevurdering på vidaregåande opplæringsnivå.

§ 4A-4, andre ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ta avgjerd om det skal nyttast studieforbund, fjernundervisnings- institusjonar eller andre som gjev tilbod om vidaregåande opplæring for å oppfylla plikta til å gje opplæring til vaksne.

§ 4A-4, tredje ledd

Fylkeskommunedirektøren skal syte for at vaksne får dokumentert opplæringa dei har gjennomført.

§ 4A-4, fjerde ledd

Fylkeskommunedirektøren skal leggje til rette for at vaksne får høve til å ta aktivt del i arbeidet med å fremje eit godt læringsmiljø og utdanningstilbod.

§ 4A-7

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å ordne skyss for vaksne som får grunnskuleopplæring.

§ 4A-8

Fylkeskommunedirektøren skal syte for at vaksne elevar får rådgiving og kartlegging av kva tilbod den vaksne har behov for.

§ 4A-9

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om bortvising av ein elev frå resten av kurset eleven/ deltakaren er teken inn på. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av kurset har fylkesråd- mannen også mynde til å gjera vedtak om at eleven/deltakaren skal mista retten til vidaregåande opplæring etter § 4A-3. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ på skulen.

§ 5-1

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å fatte vedtak om spesialundervisning for elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, jf. §§ 5-3 og 5-4.

§ 5-5

Fylkeskommunedirektøren skal syte for at rektorane sine skriftlege oversikter over elevane si opplæring (spesialpedagogiske) ein gong i året vert sendt fylkeskommunen som skuleeigar.

§ 5-6

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å organisere ei pedagogisk-psykologisk teneste.

§ 6-3

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å organisere opplæring i samisk for samar i vidaregåande.

§ 7-2, første ledd

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å organisere dagleg skyss for elevar som har rett til dette.

§ 7-2, tredje ledd

Fylkeskommunedirektøren skal hjelpe til med å skaffe losji for elevar i den vidaregåande skulen som bur slik til, eller som har så lang veg, at dei ikkje kan nytte dagleg skyss til skulen.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å fastsetje satsar for kost og losji ved internata ved dei vidaregåande skulane.

§ 7-3

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å organisere skyss for elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom, har rett til skyss.

§ 7-4

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å organisere nødvendig reisefølgje.

§ 9-7

Hovudutval for opplæring og kompetanse har mynde til å fastsetje reaksjonar i ordensreglementet ved brot på forbodet mot bruk av klesplagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet

§ 9 A-4 og § 9 A-5

Fylkeskommunedirektøren skal ivareta skuleeigarrolla ved alvorlege hendingar knytt til elever sitt skulemiljø.

§ 9A-10

Hovudutval for opplæring og kompetanse har mynde til å gje forskrifter om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skule.

§ 9A-11, andre ledd

Hovudutval for opplæring og kompetanse kan fastsetje i ordensreglement at ein elev som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort i inntil 5 dagar.

Hovudutval for opplæring og kompetanse kan fastsetje i ordensreglementet at elevar kan visast bort for resten av skuleåret dersom brota er særleg alvorlege.

§ 9A-11, tredje ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om bortvising for resten av skuleåret av ein elev som vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går utover orden og arbeidsro på skulen, eller som alvorleg forsømmer pliktene sine. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ på skulen.

§ 9A-12, fjerde ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om skulebyte for elevar i vidaregåande opplæring.

§ 10-2, siste ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å fråvike kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag i tilfelle der skulen ikkje har nok kvalifisert undervisningspersonale i faget.

§ 10-8

Fylkeskommunedirektøren skal ha eit system for at undervisningspersonell, skuleleiarar og personell med særoppgåver i skulen får nødvendig kompetanseutvikling.

§ 11-5a

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å bestemme at skuleutvalet kan vera skulemiljøutval.

§ 12-3

Fylkestinget nemner opp yrkesopplæringsnemnd.

§ 13-2 Opplæring i institusjonar etter barnevernlova

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å organisere opplæring i institusjonar etter barnevernlova.

§13-2 a Opplæring i fengsel

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å organisere opplæring i fengsel.

§ 13-3, første ledd

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å oppfylle retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova for alle som er busette i fylkeskommunen.

§ 13-3, andre ledd

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å gi tilbod til søkjarar frå andre fylke ved ledig kapasitet.

§ 13-3, tredje ledd

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å gi tilbod til søkjarar utan rett etter § 3-1 og 4A-3.

§ 13-3 a

Fylkeskommunedirektøren skal syte for å organisere opplæring i helseinstitusjonar.

§ 13-3b

Fylkeskommunedirektøren skal syte for ulykkesforsikring for elevane.

§ 13-3c

Fylkeskommunedirektøren skal syte for rettleiing og kvalitetsutviklingstiltak.

§ 13-3d

Fylkeskommunedirektøren skal syte for foreldresamarbeid.

§ 13-4, første ledd

Fylkeskommunedirektøren skal syte for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i § 13-4, kapittel 7 i opplæringslova og § 4A-7.

§ 13-4, andre ledd

Fylkeskommunedirektøren skal organisere skuleskyssen i samråd med kommunane.

§ 13-10

Fylkeskommunedirektøren skal syte for at det finst eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte og eit forsvarleg system for oppfylging av resultata frå vurderingane.

### Forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724

Der forskriftene til opplæringslova plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkeskommunedirektøren mynde til å opptre på vegner av fylkeskommunen, med unntak av:

§ 5-14, 5.ledd Fylkeskommunal klagenemnd har mynde.

## 27. Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova) av 24.11.2000 nr. 82

Fylkesutvalet har mynde til å gje uttale i saker etter vassressurslova. Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale i enkle og uproblematiske saker, til dømes terskelbygging og forbyggingssaker.

*Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006 nr. 1446*

§ 20

Fylkesutvalet er vassregionstyresmakt.

## 28. Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) av 15.06.2001 nr. 70

§ 9

Fylkesutvalet har mynde til å gje uttale i samband med grenseendring eller grensefastsetjing i kommunane.

## 29. Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvern) av 14.06.2002 nr. 20 med forskrifter

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ivareta fylkeskommunen sine rettar og plikter og til å opptre på vegner av fylkeskommunen overfor tilsynsstyresmakter.

## 30. Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr. 45

§ 8

Fylkesutvalet har mynde til å avgjere om det skal nyttast konkurranse ved tildeling av løyve etter §§ 6 og 7.

§ 9 a

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å innføre forskrift om einerett.

§ 12, jfr § 9

Hovudutval for samferdsel og mobilitet har mynde til å fastsetje løyvetal for ordinære drosjeløyve og reserveløyve.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å tildele løyve for persontransport med motorvogn utanom rute, og gje påbod om at det skal skipast drosjesentralar og ordningar for desse.

§ 13 jfr § 6.

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, å tildele behovsprøvd løyve/ruteløyve for persontransport med motorvogn.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet har mynde til å gje uttale til søknader om ruteløyve for bussruter som går gjennom to eller fleire fylker.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å tildele ruteløyve for motorvogn når det er nytta konkurranse i fylkeskommunal regi.

§ 13 jfr § 7

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, å tildele behovsprøvd løyve/ruteløyve for persontransport i rute med luftputefartøy og anna fartøy.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet har mynde til å gje uttale til søknader om riksvegferjedrift.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å tildele behovsprøvd løyve for luftputefartøy og anna fartøy når det er nytta konkurranse i fylkeskommunal regi.

§ 21

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere mellombels unntak frå kravet om løyve for persontransport til småskala turistverksemder og Inn på tunet-ordninga.

§ 22

Fylkesutvalet har mynde til å yte godtgjersle til rutetransport innan fylket.

Fylkesutvalet har mynde til å fastsetje kontraktsform og retningsliner som skal gjelde ved tildeling av godtgjersle.

§ 23

Fylkesutvalet har mynde til å vedta at godtgjersle til rutetransport skal gå til eit selskap som administrerer rutesambanda.

§ 28

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje samtykke til overføring av ruteløyve.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje samtykke til overføring av løyve for persontransport med motorvogn utanom rute.

§ 29

Det organet som har mynde til å tildele løyve har og mynde til å tilbakekalle løyvet.

§ 36

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje løyvefritak etter yrkestransportforskrifta § 36.

§ 37

Fylkeskommunedirektøren har ansvar for planleggingsoppgåver som er pålagt fylkeskommunen i yrkestransportlova § 37 og i forskrift for sivil transportberedskap.

Der lova elles plasserer mynde eller oppgåver til fylkeskommune eller løyvestyresmakt, har fylkeskommunedirektøren mynde til å opptre på vegner av fylkeskommunen/løyvestyresmakta.

*Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy av 26.03.2003 nr. 401*

§ 29

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å fastsetje kollektivtrafikktakstar i periodar der det er vedteke å ta i bruk mellombelse auka bompengetakstar (beredskapstakstar) i Bergen etter § 27 i veglova.

Fylkesutvalet har mynde til å gjere vedtak etter forskrifta § 37, 1.ledd, 1.setning.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet har mynde til å gjera vedtak etter forskrifta §§ 30, 33, 1. ledd, 37, 1.ledd, 2.setning, 46, 1.ledd, 7.ledd.

Mynde til å gjera vedtak etter §§ 16 og 18 har den som har mynde til å tildela løyve, jfr. § 29 over.

Der forskrifta elles plasserer mynde eller oppgåver til fylkeskommune eller løyvestyresmakt, har fylkeskommunedirektøren mynde til å opptre på vegner av fylkeskommunen/løyvestyresmakta.

*Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. av 03.12.2009 nr. 1438*

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak etter Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. av 03.12.2009.

## 31. Lov om folkehøyskoler (folkehøyskoleloven) av 06.12.2002 nr. 72

§ 5

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker som gjeld skulen sitt verdigrunnlag og mål når skuleeigar er klageinstans.

## 32. Lov om elektronisk kommunikasjon (ekomloven) av 04.07.2003 nr. 83 med forskrifter

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å ivareta fylkeskommunen sine rettar og plikter og til å opptre på vegner av fylkeskommunen overfor tilsynsstyresmakter.

## 33. Lov om frittståande skolar (friskolelova) av 04.07.2003 nr. 84

§ 3-1

Fylkeskommunedirektøren skal vurdere realkompetansen til ein vaksen søkjar før han eller ho kan takast inn som elev ved ein vidaregåande friskule.

§ 3-3

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om opplæring inntil to år ekstra, jf opplæringslova §3-1.

§ 3-5, første og femte ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om særskilt språkopplæring og vedtak om organisering i særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å dekkje utgiftene til særskilt opplæring i friskular.

§ 3-6

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å utarbeide sakkyndig vurdering for elevar i friskular.
Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om spesialundervisning for elevar i friskular.
Fylkeskommunedirektøren har mynde til å dekkje utgiftene til spesialundervisning i friskular.

§ 3-7 Skyss

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om skyss for elevar i friskular.
Fylkeskommunedirektøren har mynde til å dekkje utgifter etter reglane i opplæringslova § 13-4.

§ 3-10

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak om bortvising frå resten av skuleåret. Slikt vedtak kan ikkje delegerast vidare til organ på friskulen.

## 34. Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) av 17.06.2005 nr. 62

Jfr. Forskrift 03.08.2009 nr. 1028 om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser (byggherreforskrifta).

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å opptre som byggherre på vegner av fylkeskommunen med dei rettar og plikter som forskrifta gir.

## 35. Lov om akvakultur (akvakulturloven) av 17.06.2005 nr. 79

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å behandle søknader om akvakulturløyve.
Fylkeskommunedirektøren har mynde knytt til registreringsordning av akvakultur.

*Jfr. Forskrift om tildeling og drift ved havbeiteverksemd (havbeiteforskrifta) av 28.08.2003 nr. 1110*

*Forskrift om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret av 22.12.2004 nr. 1799*

*Forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder av 22.06.2009 nr. 961*

*Forskrift om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta) av 22.12.2004 nr. 1798*

*Forskrift om akvakulturregisteret - A-registerforskriften av 28.12.2005 nr. 1706*

*Forskrift om samordning og tidsfrister i behandlingen av akvakultursøknader av 18.05.2010 nr. 708*

*Forskrift om fangstbasert akvakultur av 15.12.2014 nr. 1831*

*Forskrift om gebyr og avgift i forbindelse med akvakulturvirksomhet av 21.12.2001 nr. 1597*

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak i saker der fylkeskommunen har avgjerdsmynde etter forskriftene.

## 36. Lov om mekling og rettargang i sivile saker (tvisteloven) av 17.06. 2005 nr.90.

Fylkesutvalet har mynde til å bringe tvistesaker (ta ut stemning) inn for domstolane.

Fylkesordføraren har mynde til å gje nokon mynde som partsrepresentant for fylkeskommunen.

Fylkeskommunedirektøren har elles mynde i saker etter tvistelova.

## 37. Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17.06.2005 nr. 101

Fylkeskommunedirektøren har mynde i høve det som er lagt til fylkeskommunen i lova.

## 38. Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven) av 15.05.2008 nr. 35

*Jfr. Forskrift om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsforskriften) av 15.10.2009 nr. 1286*

Forskrifta § 6-18

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale om det økonomiske grunnlaget for drift av næringsverksemd.

## 39. Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) av 06.06.2008 nr. 37

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gjere vedtak i saker der fylkeskommunen har avgjerdsmynde etter forskrifter til lova.

## 40. Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova) av 29.06.2007 nr. 89

§ 4

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å syte for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.

§5 b og c

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å fremje profesjonalitet, kvalitet og deltaking i kulturtilbodet og til å syte for at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

## 41. Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr. 71

§ 1-9, tredje ledd

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å klage på enkeltvedtak etter lova dersom vedtaket direkte rører ved fylkeskommunen sitt saksområde.

§ 3-6

Fylkesutvalet har mynde til å starte arbeid med planar etter denne lova på område der staten, fylkeskommunen og kommunane saman har ansvar for å løyse planoppgåver av regionalt eller nasjonalt omfang.

§ 3-7

Fylkesutvalet har mynde til å vedta å overta heilt eller delvis dei oppgåvene planadministrasjonen i kommunen og fylkeskommunen har med å organisere planarbeidet og utarbeide planforslag.

§ 4-1

Fylkesutvalet har mynde til å vedta planprogram for regionale planar.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale til planprogram for kommunale planar.

§ 5-3

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å opprette regionalt planforum etter mandat fastsett av fylkestinget.

§ 5-4

Fylkesutvalet har mynde til å fremje motsegn til forslag til kommuneplan, kommunedelplan, område- og detaljreguleringsplan.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til fremje motsegn til tema i arealplanar som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad for myndeområda fylkeskommunen skal ivareta,

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å trekkje fremja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.

§ 5-6

Fylkesordførar/fylkesvaraordførar eller den fylkesordføraren gjev mynde, deltek i mekling på vegner av fylkeskommunen.

§ 6-2

Fylkesutvalet har mynde til å gi høyringsuttale til statlege planretningsliner.

§ 7-1

Fylkesutvalet har mynde til å utarbeide regional planstrategi.

§7-2

Fylkestinget har mynde til å vedta regional planstrategi.

§ 8-1

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å utarbeide regionale planar ut frå det som er vedteke i planstrategien.

§ 8-3

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å utarbeide forslag til planprogram for regionale planar.

Fylkesutvalet har mynde til å sende framlegg til planprogram på høyring og legge det ut til offentleg ettersyn.

Fylkesutvalet har mynde til å vedta planprogram for regionale planar.

Fylkesutvalet har mynde til å sende framlegg til regional plan på høyring og legge ut det ut til offentleg ettersyn.

§ 8-4

Fylkestinget har mynde til å vedta regional plan.

§8-5

Fylkestinget har mynde til å fastsetje regional planføresegn.

Fylkesutvalet har mynde til å gje samtykke til å setje i verk tiltak som vert omfatta av regional planføresegn.

§ 9-1

Fylkesutvalet har mynde til å be kommunar om samarbeid om planlegging når det er nødvendig for å ivareta omsyn og løyse oppgåver som går ut over den enkelte kommunen.

§ 9-4

Fylkesutvalet har mynde til å be kommunar om at arbeidet vert vidareført som regional plan når det er nødvendig for å ivareta omsyn og løysa oppgåver som går ut over den enkelte kommunen.

§ 9-5

Fylkesordførar/fylkesvaraordførar eller den fylkesordføraren gjev mynde, har mynde til å mekle etter oppmoding frå kommunane når dei er ueinige om innhaldet i eit samla planforslag.

§ 9-6

Fylkesutvalet har mynde til å varsle om ønska endring av ein plan som er blitt til i interkommunalt samarbeid.

§ 9-7

Fylkesutvalet har mynde til å gi uttale om plansamarbeid før departementet pålegg dette.

§ 10-1

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje kommunane synspunkt til arbeidet med kommunal planstrategi.

§ 11-4

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje synspunkt til handlingsdelen i kommuneplanen.

§11-12

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å starte opp planarbeid, og melde oppstart av plan.

§ 11-13

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å utarbeide planprogram, og sende det til behandling i kommunen.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å sende planprogram til planmynde for endeleg vedtak.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale til forslag til planprogram for kommuneplan.

11-14

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å utarbeide planforslag, og sende det til behandling i kommunen.

Fylkesutvalet har mynde til å gje uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsdel.

Fylkesutvalet har mynde til å gi uttale til kommuneplanen sin arealdel.

§ 11-17

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale til mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel.

§ 12-8

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å starte opp planarbeid, og melde oppstart av plan.

§ 12-9

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å utarbeide planprogram, og sende det til behandling i kommunen.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å sende planprogram til planmynde for endeleg vedtak.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale til planprogram for reguleringsplan.

§ 12-10

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å utarbeide planforslag, og sende det til behandling i kommunen.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale til høyring av reguleringsplan. Fylkesutvalet skal likevel som hovudregel gje uttale i følgjande saker:

Saker som er i strid med fylkeskommunen sine eigarinteresser når det gjeld eigedommar

Saker som gjeld regionale interesser

§ 12-14

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale til mindre endring og til oppheving av reguleringsplan.

§ 14-4

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å varsle om tiltak eller planar, som vert behandla etter kap. 14, kan få vesentlige negative miljøverknader i en annan stat, og gi vedkommande stat muligheit til å medverke i plan- eller utredningsprosessen etter desse føresegna.

§ 17-1 Utbyggingsavtalar

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å inngå utbyggingsavtaler med kommunar og grunneigarar.

19 -1

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale til søknad om dispensasjon.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering har mynde til å gje uttale til tematiske forvaltningsplanar som vedkjem kulturminne og kulturmiljø.

§ 21-3 Nabovarsel

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale til nabovarsel.

## 42. Lov om voksenopplæring (voksenopplæringsloven) av 19.06.2009 nr. 95

§ 6

Hovudutval for opplæring og kompetanse har mynde til å tildele tilskot til studieforbund. Fylkesutvalet har mynde til å gje forskrifter for fordeling av tilskot til vaksenopplæring i studieforbund.

## 43. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) av 19.06.2009 nr. 100

§ 43

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå det aktuelle utvalet, å gje uttale til forslag til verneforskrift.

## 44. Lov om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven) av 19.06.2009 nr. 101

§ 12

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje uttale til Direktoratet for mineralforvaltning når det gjeld prøveuttak.

## 45. Folkehelselova av 24.06.2011 nr. 29

§ 20

Fylkesutvalet har mynde for fylkeskommunen sitt ansvar.

§ 21

Fylkeskommunedirektøren har mynde for fylkeskommunen sitt ansvar.

## 46. Jordskiftelova av 21.06.2013 nr. 100

§ 1-5

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å fremje sak for jordskifteretten. Fylkeskommunedirektøren har mynde til å førebu sak.

§ 8-1

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å avgjere om saka skal ankast.

## 47. Lov om konfliktrådsbehandling (konfliktrådsloven) ---20.06.2014 nr.49

§ 11.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gje samtykke til mekling i konfliktrådet.

§ 12

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å møte på vegner av fylkeskommunen på meklingsmøte i konfliktrådet.

§ 18

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å trekkje seg frå inngått avtale.

## 48. Lov om høgare yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven) av 08.06.2018 nr.28

§ 29

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å tildele tilskot til fagskular etter søknad.

## 49. Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven) av 06.11.2020 nr. 127

§ 4

Fylkestinget vedtek regionale planar og temaplanar.

Fylkesutvalet vedtek plan for kvalifisering av innvandrarar.

Fylkesutvalet gir uttale til kriterier for busetjing av flyktningar i kommunane, og kan fastsetje regionale prioriteringskriterier.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å gi konkrete anbefalingar for tal på busetjing av flyktningar i den enkelte kommune basert på politisk vedtekne kriterier.

§ 11

Fylkeskommunedirektøren skal syte for tilbod om karriererettleiing.

§ 30

Fylkeskommunedirektøren skal syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for deltakarar som går fulltid i vidaregåande opplæring.

vestlandfylke.no